

RAPPORT OG PLANAR (2009-2010)

TIL KUNNSKAPSDEPARTEMENTET FRÅ HØGSKOLEN STORD/HAUGESUND

Innhold

1. INNLEIING	2
2. RESULTATRAPPORTERING FOR 2009	3
SEKTORMÅL 1	3
SEKTORMÅL 2	18
SEKTORMÅL 3	24
SEKTORMÅL 4	28
RAPPORTERING PÅ TVERS AV SEKTORMÅLA	32
TILLEGG TIL RAPPORTERINGSKRAV I TILDELINGSBREVET FOR 2010	36
3. PLAN FOR VERKSEMDA I 2010.....	37
SEKTORMÅL 1	37
SEKTORMÅL 2	42
SEKTORMÅL 3	44
SEKTORMÅL 4	46
4. PLAN FOR TILDELT TILDELING I 2010	49
5. VEDLEGG	50
- VEDLEGG 1 Notat om risikostyring som verktøy i mål- og resultatstyring	
- VEDLEGG 2 Oversikt over saker behandla i styret i 2009, og plan for 2010	
- VEDLEGG 3 Notat om status og plan for arbeidet med nye grunnskulelærerutdanningar	
- VEDLEGG 4 Rapport om bruk av Stø-kurs-midlar over statsbudsjettet kap.281	
- VEDLEGG 5 Notat om samarbeid i sektoren – SAK,	
VEDLEGG 6 Notat spesielt om samarbeid innan lærarutdanning - SAK	
- VEDLEGG 7 Notat om moglege nye studieplassar ved HSH, og oversikt	

I rapporten er avdelingane omtala, og ofte med forkortingar. Dette er dei tre fagavdelingane ved Høgskolen Stord/Haugesund:

- *ATØM= Avdeling for tekniske/økonomise/maritime studier*
- *ALK=Avdeling for lærarutdanning og kulturfag*
- *AHF=Avdeling for helsefag*

1. Innleiing

Høgskolen Stord/Haugesund viser til dei krav til plan og rapportar som er gitt i Tildelingsbrevet for 2009, Tildelingsbrevet for 2010 og andre rapporteringsbestillingar.

Vi viser særskilt til innmelding av nye studieplassar, og søknad om SAK-midlar.

Kort oppsummert :

Hovedfokuset ved institusjonen i 2009 har vore :

- Etablering og implementering av nye lærarutdanningar, forsøksordning
- Institusjonssamarbeid på Vestlandet
- Nye mastertilbod i samarbeid med andre institusjonar
- Rekruttering
- Fortsatt auka EVU-aktivitet
- Stor FOU-aktivitet pga. mange eksternfinansierte prosjekt

Resultat 2009:

- Auka mengd studentar totalt
- Nye mastertilbod (samarbeid med andre) med god søkning
- Høg aktivitet innan EVU
- Godt regionalt samarbeid
- Høg aktivitet innan FOU
- Høg aktivitet innan institusjonssamarbeid, spesielt innan lærarutdanning og teknologiske fag
- Utvikling av nye lærarutdanningar har vore sentral

I 2010 har styret fastsett følgjande fokusområde på bakgrunn av ei risikovurdering:

1. Rekruttering
2. Plan – studietilbod og utvikling av studiene
3. Nye lærarutdanningar
4. Kompetanseheving
5. Eksternfinansierte prosjekt – nye søknader
6. Institusjonssamarbeid
7. Heilskapleg kontroll-system

2. Resultatrapportering for 2009

SEKTORMÅL 1

Universitet og høgskuler skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innanfor forskning, fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

Særlege utfordringar for sektormål 1

Dei overordna utfordringane til Høgskolen Stord/Haugesund innanfor sektormål 1 er :

- Få ein god kombinasjon mellom grunnutdanning, masterutdanning og etter- og vidareutdanning som stettar regionen sitt behov
- Få ei finansiering av studieplassar som gjer at vi ressursmessig kan gi det studietilbodet som blir etterspurt. Vi har pr. i dag lite eller ingen basisfinansiering knytt til master og EVU, medan aktiviteten er stor.
- Ha tilstrekkeleg fagkompetanse
- Utvikle og implementere nye grunnskulelærarutdanningar
- Studentrekruttering innan grunnutdanningane

Styret hadde følgjande fokusområder i 2009 under sektormål 1:

- Gjennomføring av prosjekt 'marknadsføring og merkevarebygging'
- Prosjekt 'førsteårsstudenten' i grunnutdanningane
- Prosjekt; Utvikla framtidens lærarutdanning
- Auka aktivitet innan EVU-tilbod, primært eksternfinansiert
- Utvikle ein masterutdanning i teknologiske fag, øk/adm og helsefag innanfor tildelt økonomisk ramme.
- Utarbeide student-charter for HSH (sørvisfråsegn) i samarbeid med Studentparlament, Studentsamfunnet og Studentsamskipnad
- Utarbeide internasjonal strategi

Styret har følgjande fokusområder i 2010 under sektormål 1 (omtala i planar 2010):

- Rekruttering
- Plan – studietilbod og utvikling av studiene
- Nye lærarutdanningar

Verksemdsmål 1.1

Høgskulene skal utdanna kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnets behov.

Studietilbod – ei auking i mengd studentar ved HSH

I samsvar med Bolognaprosessen vart utdanningane rubrisert som 3-årig bachelor og 5-årig masterutdanning. Ein tenkte seg då bachelor for dei mange og master for dei få. Dette biletet er i ferd med å endra seg, og det har skjedd fort. Det kan synast som svært mange no ser for seg at dei må ha ein mastergrad for å vera attraktive på arbeidsmarknaden.

Situasjonen ved HSH er at vi har 57 masterstudentar på IKT i læring, seks på Teknisk sikkerheit og 40 på Meistring og myndiggjering (her var det 150 søkjarar). Det vert no arbeidd med ein master i økonomi og administrasjon med eit opptak på 40-50 studentar. Det

vert også arbeidd med ein master innan helsefag. Alle våre mastertilbod er 2-årige. Vi kan såleis sjå for oss 300 masterstudentar innan kort tid på HSH.

Oppsummert kan vi seia at for 5-6 år sidan hadde vi om lag 1900 grunnutdanningsstudentar. No ser vi kanskje for oss 1900 på grunnutdanning, 1000 på EVU og 300 på master. Alt dette innafør ein infrastruktur dimensjonert for 1900 studentar. I tillegg til dette er det prognostisert ein vidare auke i studenttalet i høgare utdanning fram til 2015.

Det trengst både personalressursar og tekniske ressursar for å driva utdanning. HSH får eit basistilskot for dei 1900 grunnutdanningsplassane. Resten må eventuelt takast av auka (marginale) inntekter og/eller internt meir kostnadseffektiv drift, men også auka mengd studieplassar frå KD. 90% av studentane våre er heimehøyrande i regionen. Den auka etterspørselen etter studieplassar ved HSH viser dermed at det er nødvendig med fleire faste studieplassar for å kunne møte behovet i regionen.

Mengd registrerte (eigenfinansierte) studentar.

	2006	2007	2008	2009
HSH	2 307	2 384	2 635	2910
ALK	744	730	828	957
ATØM	847	908	967	1046
AHF	708	746	840	897

Kilde: DBH

Heiltidsekvivalentar

	2006	2007	2008	2009
HSH	2025	2051	2191	2444
ALK	688	614	685	796
ATØM	698	770	839	935
AHF	634	637	668	713

Kilde: DBH

'Heiltidsekvivalent' viser kor mange studentar vi hadde hatt dersom alle hadde gått på heiltidsstudium.

HSH har **ca. 1900** heiltids studieplassar som vi får basisløyving til i 2009.

Kort oppsummert viser desse tala at vi i 2009 har eit gjennomsnitleg studenttal på 2910, som utgjer 2444 heiltidsstudentar. Denne differansen viser at ein stor del av studentane er deltidsstudentar. Finansieringa og dimensjoneringa av institusjonen er basert på basisløyving til om lag 1900 studieplassar for grunnutdanning. I 2009 hadde vi derfor eit gap på om lag 550 studieplassar som vi ikkje får basisløyving for.

Samla sett ser vi at HSH har hatt ein vekst i mengd registrerte studentar dei seinare åra. Vi hadde med 2910 (eigenfinansierte) studentar per hausten 2009, ein auke i studenttalet på 10,4 prosent frå hausten 2008. Den positive utviklinga i studenttalet dei siste åra har dermed fortsett. Aukinga i studenttalet er felles for alle avdelingane: Avdeling for lærarutdanning og kulturfag (ALK) hadde ein auke i studenttalet på 15,5 prosent frå 2008 til 2009, Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag (ATØM) hadde ein auke på 8,1 prosent og Avdeling for helsefag (AHF) hadde ein auke på 6,7 prosent. Denne utviklinga skuldast i all hovudsak auka i studenttalet innan studiepoengfinansiert etter- og vidareutdanning (EVU).

Etter- og vidareutdanningar ved HSH

Frå 2005 til 2009 har talet på vidareutdanningsstudentar gått frå 400 til 1200. Studenttalet frå 2009 fortset inn i 2010.

Studietilboda vi tilbyr kan visast slik :

27 studietilbod med eit omfang mellom 10-30 studiepoeng

11 studietilbod med eit omfang på 60 studiepoeng

2 studietilbod med eit omfang på 90 studiepoeng

I 2009 gjennomførte EVU-studentane 295 60-studiepoengseiningar, som til saman utgjorde 17732 studiepoeng ved HSH.

HSH set stort sett i gong etter- og vidareutdanningstilbod etter oppmoding frå næringslivet eller offentleg verksemd. Det kan også vera direktorat eller departement som ber om aktuelle tilbod. EVU-kontoret satsar svært mykje på å koma i drøftingar med aktuelle oppdragsgjevarar. Følgjeleg er det eit mål for EVU-kontoret å vera representert i utval kor kompetanse vert drøfta. I tillegg er dei enkelte fagavdelingane representert i utval som blant anna drøftar kompetanse, og toppleinga har sine samarbeidsfora med offentleg verksemd og næringsliv. Det er dette tette samarbeidet som har ført til det omfanget vi har på EVU i dag.

HSH legg vekt på å utarbeida tilbod i lag med tingar. Fagplan, organisering og gjennomføring vert drøfta med tingar. Oppdragsgjevarane legg vidare vekt på tilrettelegging i form av friveker og stipend i samband med tilbodet. Tilpasningane frå HSH og oppdragsgjevar gjev utteljing i form av talet på søkjarar. Eit døme er tilbodet innan leserettleiing. HSH har to kurs gåande med til saman 120 deltakarar i Sunnhordland og på Haugalandet. Desse tilboda har god tilrettelegging frå kommunane si side. Den varige vidareutdanninga innan lærarutdanninga meiner vi er viktig å kanalisere direkte til høgskulene for å støtte regionen sitt behov, og å få ei meir effektiv ressursutnytting samla sett.

Etterutdanning utviklar seg også positivt ved HSH. Dette gjeld kurs og kursrekkjer som ikkje gjev studiepoeng. I samband med skulereformar er etterspørselen etter slike kurs omfattande. Frå 2008 og til 2009 har talet på kurs dobla seg. I 2009 gjennomførte HSH 38 registrerte kurs. Dei fleste er på ca seks timar. Hausten 2009 avvikla til dømes Avdelinga for helsefag 10 kurs på kort varsel i samband med svineinfluensaen. Desse kom i stand etter bestilling frå kommunehelsetenesta i regionen.

Kombinasjonen med å ha deler av vidareutdanningstilboda utlyst som etterutdanning er også tenleg. Dette vert nytta ved fleire og fleire høve. Har ein til dømes gode gjesteførelesarar på eit vidareutdanningstilbod, vert dette utnytta slik at andre får koma inn og ta del på denne sekvensen.

HSH ser at vi dekkjer eit stort og viktig kompetansebehov i regionen ved å tilby EVU. Vi vil derfor arbeida for å halda denne aktiviteten oppe på dette nivået. Med den auken vi har hatt dei siste åra, har vi ei utfordring reint organisatorisk i høve til å tilpasse organisasjonen, både administrativt og fagleg , for å ha gode styrings- og driftsprosessar. Dette er lagt inn som eit av tiltaka ein skal arbeide med i samband med sektormål fire i planen for 2010.

For å vise aktiviteten gjengir vi her **planen for EVU-tilbodet hausten 2010:**

			Tal studentar
Lærarfag:	1. mars- Engelsk for næringslivet (Stord)	10 stp	25 O
	1.mai - Engelsk Sauda, nov.	30 stp	30
	1. mai - Rektorskolen (FOS)	30 stp	25 O
	1. april - Klasseleiing Hgsd	15 stp	50
	1.mai - Leserettleiing for lærarar (OS)	30 stp	50
	1.mars - Vurdering for læring (FOS) Stord	15 stp	40
	1. mars - Tilpasset opplæring/spesial ped. (HGSD)	30 stp	40
	Avvente - Rettleiingspedagogikk Stord	15 stp	40
	1.mai - Pedagogisk utviklings arb. i barnehagen	30 stp	40
	Avvente - IKT i faga	20 stp.	30
	Vår 2011 Tilpasset opplæring Hordaland Fylkeskommune	30 stp.	50
Øko – adm:			
	1. mars- Kulturprosjektledelse Vår/høst 2010	60 stp	30
	1.mars - Psykologi Stord	10 stp	40
	1.april - Føretaksøkonomi, høst 10	60 stp.	45
	1.april – Planleggingsfaget leverandørindustrien Kremmerskolen	20 stp.	20
	Prosjektledelse, vår 2011		
Ingeniørfag:			
	- Brannteknologi		
	- Sveiseteknologi	20 stp	25
	1. mars - Korrosjonsfaget	10 stp	30
	- Verneingeniør	60 stp	20
	- Kvalitetslederskolen	30 stp	10
Helsefag:			
	1. mars - Veiledningspedagogikk	15 stp.	40
	- Overvektsproblematikk hos barn og unge, Hgsd. Vår 2011	15 stp	40
	1.april - Overvektsproblematikk hos barn/unge, Bergen	15 stp	40
	1.mars - Pleie og behandling av kroniske sår	30 stp	40
	1.mars - Rusomsorg for miljøarbeidarar (1 + 2)	15 stp	30+25
	- Psykisk helsearbeid	60 stp	50
	1. mars - Psykososialt arbeid retta mot bu	60 stp	40
	1.mars - Integrativ leiing, del 1 Hgsd.	30 stp	40
	1.mars - Integrativ leiing, del 1 Sauda	30 stp	40
	- Integrativ leiing del 2 Hgsd	30 stp	50
	1.mars - Rusproblematikk	60 stp	35

Tilbod som vert drøfta:

- Teknologi leiing for kommunar
- Leiaropplæring for Aibel
- Internasjonal sveiseteknologi, sertifikat Kina
- Folkehelse og samhandlingsreformen

Tilbod som pågår våren 2010:

		Tal studentar
- LOS – programmet	60 stp	40*
- Føretaksøkonomi	60 stp	45
- Leserettleiing for lærarar FOS	30 stp	54
- Leserettleiing for lærarar Hgsd.	30 stp	64*
- Personal og org. ferdig jan.2010	10 stp	52
- Engelsk i Hgsd.	30 stp	30
- Vurdering for læring	15 stp	45
- Pleie og behandling av kroniske sår	30 stp	40
- Rettleingspedagogikk	15 stp	45
- Helsefagleg engelsk	10 stp	60
- Planlegging for industrien	20 stp	25 O
- Aldring og eldreomsorg	60 stp	35*
- Akutt, Intensiv, Operasjon	90 stp	15*
- 2 programmer sveiseteknologi	20 og 60 stp	50
- Diplomprosjektet	10 stp.	8
- IKT i faga, startar våren 2010	20 stp	29*
- Barnehageleiing	30 stp	40
- Psykososialt arbeid blant barn og unge	60 stp	31
- Psykisk helsearbeid	60 stp	54

Søkjjarar både gjennom samordna opptak og lokale opptak

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2006	2007	2008	2009	
Mengd fyrsteprioritetssøkjjarar per studieplass	-	1,2	1,0		1,2
ALK – ALU (lærer +)	0,92	1,00	0,70	0,8	0,77
ALK – FLU (førskole)	1,20	1,20	1,03	1,1	1,04
AHF – Stord, sj.pl	0,93	1,06	0,97	1,1	0,81
AHF – Haugesund, sj.pl	1,81	1,53	1,28	1,4	1,79
ATØM – Ingeniør	1,18	1,09	0,88	1,0	1,55
ATØM - Øk/adm	1,50	1,30	1,31	1,4	1,18
ATØM – Nautikk	1,10	1,17	2,93	3,2	2,05

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2006	2007	2008	2009	
Studietilbod i samarbeid med andre institusjonar	-	-	-	-	4*

*Master i Meistring og myndiggjering i samarbeid med Høgskolen i Volda, master i teknisk sikkerhet i samarbeid med Universitetet i Bergen, vidareutdanning 'Rektorskole' og 'Leserettleiing' innanfor UHnettVest

Gjennom samordna opptak har HSH 1,2 søkjarar til kvar studieplass. Det er viktig å presisere at dette er søkjarar gjennom samordna opptak. Vi har i tillegg lokale opptak til ingeniørstudium, årsstudium og enkeltemne, praktisk pedagogisk utdanning og masterstudium som aukar dette forholdstalet.

I 2009 betydde dette at 696 av studentane som møtte til grunnutdanningane hadde søkt gjennom samordna opptak. I tillegg var det 260 studentar som møtte til grunnutdanningane som hadde søkt gjennom lokalt opptak.

I tillegg har vi studentar som har søkt gjennom lokale opptak på desse studia (alle tal er mengd studentar som har møtt til studia):

- 107 på PPU (308 søkjarar)
- 17 på master IKT i læring
- 40 på master i Meistring og myndiggjering (150 søkjarar) – samarbeid med Volda
- 6 på master i Teknisk sikkerheit – samarbeid med UiB
- Ca.1000 på ulike vidareutdanningstilbod

I dei studia vi har hatt ein nedgang i mengda søkjarar har vi kompensert med auka EVU-tilbod, oppstart av master i 'Meistring og myndiggjering' i samarbeid med Volda og oppstart av master i teknisk sikkerhet i samarbeid med UiB.

Innan grunnutdanning har vi dei siste åra hatt ein god søkning til nautikkstudiet, der vi tok opp omlag 45 studentar i 2009. Søkinga til ingeniørstudia hadde også ei auke i 2009, mens søkninga til økonomi og administrasjon går litt nedover. På økonomi og administrasjon blir nedgangen utjamna av relativt mange søkjarar til enkeltfag.

Søkjartalet til sjukepleiarstudiet på Stord har gått ned dei siste åra. Sjukepleiarar er det likevel stort behov for i regionen. Vi vurderer derfor ei deltidsutdanning for om mogleg å fange opp ei anna studentgruppe.

Søknad til allmennlærerutdanninga har vore låg dei siste åra, i samsvar med nasjonale trendar, medan førskolelærerutdanninga og årsstudia stort sett har fylt opp plassane. Årsstudiet i utviklingsstudiar er teke bort grunna låg tilsøking.

Vi vurderer ei deltidsutdanning for førskolelærarar som det er stort behov for i regionen. Praktisk pedagogisk utdanning er eit studie der vi har svært stor søkning, 308 søkjarar. Her auka vi opptaket frå 50 til 100 i 2009 (pga. den store søkinga), men av desse plassane er det berre 10 studieplassar som har grunnfinansiering. Dette er eit godt døme på det dilemmaet vi har i høve til etterspurnad og manglande finansiering.

Verksemdsmål 1.2

Høgskulene skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøming

Studiepoengproduksjon

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2006	2007	2008	2009	
Nye studiepoeng per egenfinansiert student per år	49,9	42,5	42,9	42	40,5
ALK – ALU/GLU	-	-	55,9	45	51,8
ALK – FLU	51,4	49,1	50,2	50	49,3
AHF – Stord	56,5	49,1	50,2	45	49,3
AHF - Haugesund	56,7	46,5	49,6	45	49,1
ATØM - Ingeniør	42,9	42,0	41,7	40	38,5
ATØM - Øk/adm	34,3	-	34,2	35	34,4
ATØM - Nautikk	44,2	47,0	45,3	35	48,5

Total studiepoengproduksjon ved HSH (heiltidsekv)

	2006	2007	2008	2009
HSH	1 830	1 619	1 773	1 826

Den totale studiepoengproduksjonen viser ein auke på 53 60-studiepoengseiningar, og vi har i 2009 til saman 1826 60-studiepoengseiningar. 295 av desse er knytt til etter- og vidareutdanningar. Auken i produksjonen er i all hovudsak forklara ved det auka studenttalet. Auken vil gje positivt utslag på dei økonomiske rammene i 2011.

Samla for Høgskolen Stord/Haugesund produserar kvar student 40,5 studiepoeng av 60 studiepoeng med full studieprogresjon. Vi har spesifisert grunnutdanningane som vi har på heiltid for å vise at deltidsutdanningane dreg ned snittet. Deltidsstudentane produserer likevel gjennomgåande svært godt i høve til planlagt forløp (stort sett 30 studiepoeng pr. år). Dei studia som har dårlegast studiepoengproduksjon er ingeniør og økonomi og administrasjon. Innan økonomi og administrasjon dreg det ned at mange tek studiet over fleire år, eller at dei ikkje planlegg å ta heile studiet. Dette medfører ein statistikk med dårleg gjennomsnittleg studiepoengproduksjon. Alle studia ved HSH har i 2009 hatt spesielt fokus på 'førsteårsstudenten' for å redusere fråfall og auke studiepoengproduksjonen. Studia har hatt ulike tiltak. Innan nautikk, økonomi og administrasjon og ingeniør er det realfagskompetanse som er ei utfordring. Vi tilbyr derfor utvida matematikkundervisning på økonomi og administrasjon og nautikk, samt betydeleg auka undervisningsintensitet i realfaga det fyrste året på ingeniørfag. Via det nasjonale prosjektet ENTER har vi også innleia samarbeid med ein lokal vidaregåande skole om leksehjelp.

Innan helsefag ligg studiepoengproduksjonen rundt 50. Avdelinga meiner denne differansen opp mot 60 studiepoeng kan sjåast som effekt av god kvalitetssikring. Studentane blir følgd tett opp, og det er fråfall mellom anna på grunn av feil studieeval, studentar blir rettleia ut. I 2010 vil det likevel fortsett bli retta merksemd mot dette området frå avdelinga, med ei vidareutvikling av introduksjonsprogrammet for førsteårsstudenten.

Innan lærarutdanningane har prosjekt 'førsteårsstudenten' først og fremst hatt fokus på motivasjon/introduksjon, studieteknikk og personleg utviklingssamtale. Tiltaka har i all hovudsak berre verka eitt semester, og vi vil følge opp dette også i 2010, før vi byrjar å sjå på målbare kvantitative resultat. Styret vil få ein rapport om tiltak og resultat i løpet av 2010.

Ei auke i mengd uteksaminerte kandidatar og betre gjennomføringsgrad

Tabellen nedanfor viser utviklinga i mengda ferdige kandidatar som er uteksaminert ved HSH i perioden frå og med 2005 til og med våren 2009. Tabellen viser at det har skjedd ein svært positiv utvikling av kandidatproduksjonen i løpet av studieåret 2008-2009. Auken for HSH er på 10 %, og både ALK (med ein auke på 11,1 %) og ATØM (med ein auke på heile 34,6 %) har god auke. AHF har ein liten nedgang i høve til 2007/08.

Mengd ferdige (uteksaminerte) kandidatar, fordelt på studieår

	2005	2006	2007-08	2008-09
HSH	458	486	444	489
ALK	152	172	160	178
ATØM	127	137	107	144
AHF	179	177	177	164

Kilde: DBH

Utdanningsplanen er ein oversikt over alle faga som ein student planlegg å ta i sitt studieløp. Tabellen nedanfor viser gjennomføringsgraden for studentane i perioden 2005 til 2009, målt som det prosentvise forholdet mellom kor mange studiepoeng som studentane tok i forhold til det dei hadde planlagt.

Gjennomføringsgrad i prosent i forhold til utdanningsplan.

	2005	2006	2007	2008	2009
HSH	85,2	86,8	86,9	87,2	88,0
ALK	83,6	85,1	87,0	88,0	92,1
ATØM	83,3	83,9	78,8	81,6	80,7
AHF	95,6	99,6	96,3	93,0	93,0
Statlige høgskoler	82,6	85,9	84,2	84,5	87,4

Kilde: DBH

HSH har hatt ein positiv utvikling i gjennomføringsgraden i perioden 2005 til 2009, og ligg noko over gjennomsnittet for sektoren. Dette viser at utdanningsplanen fungerer godt som eit planleggingsverktøy både for studentane og for høgskulen. Høgare gjennomføringsgrad og lågare studiepoengproduksjon per student indikerer samtidig at studentane planlegg å ta færre studiepoeng enn tidligare. Det er dei tekniske/økonomiske fagområda der studentane greier å gjennomføre minst i høve til planlagt, 80,7%.

Kvalitetssikringssystemet ved HSH

Kvalitetssikringssystemet ved HSH vart godkjent av NOKUT for om lag eitt år sidan. Vi vurderer det slik at hovudstrukturen i systemet er tilfredsstillande. Vidareutviklinga av kvalitetssikringssystemet er retta mot bruken av kvalitetssikringssystemet som verktøy for

kvalitetsutvikling. Prosessar og forventa dokumentasjon som ligg i kvalitetssikringssystemet må nyttast for å utvikle studiekvaliteten.

Sjølv om systemet er rimeleg godt integrert i administrasjons- og fagmiljøet er dette ei kontinuerleg sak å drive dei prosessane som ligg i kvalitetssikringssystemet. Oppfølging av dei evalueringane som NOKUT har gjort av enkeltstudium, er omtala særskilt. Generelt er dette nyttige innspel i arbeidet med kvalitetsutvikling av studia.

HSHs oppfølging av NOKUTs evaluering av allmennlærerutdanninga

Avdeling for lærerutdanning og kulturfag har følgd opp tilbakemeldingane frå NOKUT gjennom arbeidet med den nye grunnskulelærerutdanninga som starta hjå oss hausten-09. Dette blir tatt vidare i dei planar og rapportar vi har knytt til nye grunnskulelærerutdanningar.

HSHs oppfølging av NOKUTs evaluering av ingeniørutdanninga

Vi viser til departementet sitt brev av 12.1.10 til HSH, som oppfølging av evalueringa av ingeniørutdanninga. HSH har fastsett at alle fagtilsette som eit minimum skal ha dokumentert pedagogisk kompetanse enten ved å ha gjennomført høgskulen sitt eige kurs i høgskulepedagogikk eller tilsvarande frå annan institusjon.

I løpet av 2009 har vi fått tilført midlar frå mellom anna næringslivet for å kunne rekruttere tyngre førstestillingar. I løpet av 2010 vil vi saman med våre partnerskap vurdere moglegheita for å opprette ein eller fleire stipendiatstillingar under ordninga med nærings-phd. Som ei vidareføring av samarbeidet i TeknoVest vil vi i tillegg til samarbeidsavtalene med UiB og UiS, inngå samarbeidsavtale med Sjøkrigsskolen.

HSH har ambisjonar om å etablere eigne kandidatundersøkingar som også vil dekke ingeniørfag sine behov for oppfølging utover det vi får gjennom partnerskapsmøtar, arbeidslivsråd og ikkje minst interessa i næringslivet for å få utført bacheloroppgåver av våre studentar.

Vi jobbar systematisk og målretta med internasjonaliseringsutfordringa, og har utnemnt ein av våre faglege tilsette som koordinator på dette feltet. I 2010 hadde vi ikkje mindre enn 15 studentar i utlandet i eitt semester eller meir. Talet på studentar som kjem inn til oss er fortsett lågt, men kom opp i 3 i 2009.

Brukarundersøking – Ei positiv utvikling i den opplevde studiekvaliteten ved HSH

I tilfredsheitsundersøkinga for 2009 vart programkvaliteten for alle studia ved HSH evaluert ved hjelp av spørjeskjemaet ”Erfaringer med studiet” (EMS). Dette skjemaet er ein norsk versjon av ”Course Experience Questionnaire”, som er eit internasjonalt kjent og anerkjent studentevalueringsinstrument for kartlegging av opplevd undervisningskvalitet og studentane si vurdering av læringsmiljø. I denne undersøkinga evaluerer studentane programkvaliteten ut frå påstandar knytt til faktorane god undervisning, klare mål, gode vurderingsformer, passande arbeidsbyrde, generelle ferdigheiter og studentautonomi.

Undersøkinga viser at HSH-studentane er relativt fornøyde med dei studia dei held på med i studieåret 2008-2009. Av studentane seier 70,8 prosent av studentane seg einig, heilt eller delvis, i at dei i det store og det heile er nøgde med kvaliteten på utdanninga. Tilsvarande tall

for 2007/2008 var 63 %. 16,5 % av studentane seier dei er heilt ueinig eller delvis ueinig med at dei er nógde med kvaliteten på utdanninga. Tilsvarende tal for 2007/2008 var på 28 %. Ut frå desse tala synes det som den opplevde kvaliteten på utdanninga og undervisninga har auka betydeleg frå studieåret 2007/2008. Dette underbygger også tabellen under som viser studentane sin tilfredsheit med kvaliteten på studiet. Med eit par unntak viser også denne ei positiv utvikling.

Tabellen under viser gjennomsnittsskåren for studia ved HSH på spørsmålet om kor godt nógde dei er med kvaliteten på utdanninga på ein skala frå 1-5, kor kvaliteten blir vurdert som betre jo høgare skår. Studentane ved Masterstudiet i IKT i læring er mest nógde saman med studentane på praktisk-pedagogisk-utdanning. Studentane på ingeniørutdanninga, økonomi- og administrasjonsutdanninga, førskolelærer og nautikkutdanninga er minst nógde.

Studentane sin tilfredsheit med kvaliteten på studiet.

	Respondentar	Gjennomsnittsskår	
		2008	2009
Master IKT	21	4,3	4,6
Praktisk pedagogisk utdanning	48	4,1	4,2
Faglærerutdanning	42	-	3,8
Årseiningar	40	-	3,9
Sjukepleie- Haugesund	164	3,8	3,8
Førskolelærer	75	3,6	3,5
Sjukepleie - Stord	122	3,4	3,9
Allmennlærer	73	3,3	3,8
Ingeniør	143	3,1	3,5
Øk/adm	139	3,0	3,5
Nautikk	33	2,9	3,4
HSH – totalt	900	3,4	3,7

Kilde: Tilfredsheitsundersøkinga for 2008 og 2009

Studentane er middels tilfreds med *undervisninga* ved HSH med ein skår på 3,3. Tilsvarende tal for 2007/2008 var 3,0. Så også her har det vore ei positiv forbetring og utvikling.

Studentane opplever at *måla* for deira studiearbeid er ganske klare. Det har vore ei positiv utvikling frå 2007/2008 til 2008/2009, kor denne indikatoren har auka frå 3,4 til 3,5. Her er det liten variasjon mellom studia og alle studia ligg over skalagjennomsnittet. Dette må sjåast i samanheng med at forventningsavklaringar har vorte nytta på alle studia dei siste åra.

Undersøkinga viser at studentane er rimelig godt nógde med *vurderingsformene* med ein skår på 3,5. Dette er det same som for 2007/2008. Variasjonane i vurderingsformer ser ut til å vera ein forklarande faktor i variasjonane mellom dei enkelte studiane. Ved innføringa av læringsutbytte (kvalifikasjonsrammeverket) blir det ei utfordring å finne vurderingsformer som eignar seg for det enkelte fag og undervisningsformer.

Undersøkinga viser at studentane meiner at det er ein *høg arbeidsbyrde* ved HSH med ein skår for HSH på 2,4 (same som for 2007/2008). Jo lågare skår på denne faktoren, jo høgare meiner studentane at arbeidsbyrden er. Det har også vist seg i andre undersøkingar at studentar gjennomgåande meiner at det er høg arbeidsmengde på studia. Samtidig viser tilfredsheitsundersøkinga at ein gjennomsnittsstudent hjå oss jobbar klart mindre enn ei normal arbeidsveke i arbeidslivet.

Ved implementeringa av kvalifikasjonsrammeverket blir forventa arbeidsbelastning (work load) ein viktig faktor. For ein fulltidsstudent vert det 1600 timar pr. studentårsverk, som blir forventa arbeidsveke pr. student på omkring 40 timar pr. veke.

Studentane er gjennomgåande av den oppfatning at studia ved HSH bidreg til utvikling av *generelle ferdigheiter*, med ein skår på 3,9 (tilsvarande tall for 2007/2008 var 3,7). Det er på denne faktoren at skåren ved HSH er høgast. Undersøkinga gir grunn til å glede seg over at studentane opplever at det å studera hjå oss utviklar generelle ferdigheiter, som f.eks. analytisk evne, kommunikasjonsevne osv. Slike ferdigheiter vil vera viktige for studentane å ha med seg i arbeidslivet etter avslutta utdanning.

Det ser ut til å vera eit gjennomgåande trekk ved utdanningane våre, at studentane opplever graden av studentautonomi som relativt låg med ein skår 2,8. Låg skår på studentautonomi er også mønsteret i evalueringar ved andre utdanningsinstitusjonar. Den låge skåren hos oss kan blant anna ha samanheng med at fleire av studia har obligatorisk undervisning. Til tross for at moglegheitene til studentautonomi på grunnutdanningane også er avgrensa av rammeplanar og liknande, er det grunn til å stille spørsmål ved om det ikkje er mogleg i større grad å ansvarleggjera studentane. I praksis viser det seg at det er relativt få studentar som deltek i studentdemokratiet. Det er sett i gang fleire tiltak på opplæring og informasjon til tillitsvalde og til studentane.

Læringsmiljøkonferansen: Ein sentral arena for utviklinga av studiekvaliteten ved HSH

Den årlege læringsmiljøkonferansen (LMK) er ein sentral arena for utvikling av studiekvaliteten ved HSH, som eit samarbeid mellom høgskulen, Studentsamskipnaden og Studentparlamentet. Tema for konferansen i februar 2009 var todelt: Kvalitet på utdanningane med innføringa av kvalifikasjonsrammeverket og det psykososiale læringsmiljøet. Konferansen omhandla programkvalitet og rammekvalitet. Temaa som vart tatt opp på konferansen var i stor grad basert på resultatata i tilfredsheitsundersøkinga. Kva er det vi på HSH bør ha fokus på – kva kan vi saman gjera noko med?

I konferansen i 2009 vart det fokusert på 3 viktige forbettringsområde:

1. "Smilefjeset" som symboliserer både studentar og tilsette sin utfordring med gjensidig respekt og forståing. Møte utfordringar med ei positiv innstilling.
2. "Kongruens"; at administrasjon og fagmiljø må arbeide meir konstruktivt for å nå eit heilskapleg mål. Vise lojalitet til rutinar og vedtak.
3. "www"; som omhandlar utfordringar på informasjon både utetter og internt gjennom den webbaserte studie- og arbeidskvardagen.

På LMK, ut frå data frå tilfredsheitsundersøkinga, blir det også retta merksemd mot rammekvalitet (støttetenester) for studia og for studentane. På dei fleste områda er studentane over middels nøgde (frå 63,5% til 84%) med kvaliteten på HSH sine sentrale tenester (bibliotek, studiekonsulentar, IKT-brukarstøtte, eksp./studenttorg, studentrådgivar). Dei aller fleste har hatt ei auka tilfredsheit frå 2008. Også tal frå samskipnaden sine tenester (kantine, bokhandel, bustad og liknande) viser frå 72 – 87 % tilfredsheit med tenestene.

Resultata frå læringsmiljøkonferansen er følgd opp i dei enkelte avdelingane og studia, og også av administrasjonen. Funna vart også følgd opp i emneevalueringane våren 2009. På

læringsmiljøkonferansen i januar 2010 ga høgskolen tilbakemelding til studentane om korleis resultatane frå fjorårets konferanse hadde vorte følgd opp.

Emneevalueringar og referansegrupper som ein implementert del av kvalitetssikringssystemet

Det er gjennomført prosessar med evalueringar av emne og studieprogram i løpet av studieåret. Dette er ein implementert del av kvalitetssikringssystemet.

Resultata frå referansegrupperapportane viser at dei fleste tilhøve som vart tatt opp har medført konkrete endringar undervegs i studiet eller endringar i emnet, som på sikt vil føre til kvalitetsforbetring.

HSH, på lik linje med andre universitet og høgskuler, slit med låg svarprosent på emneevalueringar og studieprogramevalueringar som blir gjennomført elektronisk. (Tilfredshetsundersøkinga som vi har omtala i denne rapporten har forholdsvis høg svarprosent). Dette viser at systemet med referansegrupper for kvart enkelt emne eller utdanning er ein endå viktigare faktor for å få konstruktive tilbakemeldingar om emnet/studiet.

Det er ei utfordring å ha eit godt forhold mellom den overordna evalueringa av programkvaliteten gjennom tilfredsheitsundersøkinga, og evalueringa av dei enkelte emna. Gjennomføringa av spørjeundersøkinga dei tre siste semestra har gitt erfaringar, som vi no kan bruke i vidareutviklinga.

Utvikling av bindande samarbeid med institusjonar i spesialist- og primærhelsetenesta der studentane har praksis, irekna kvalitetssikring av studentanes praksis

Vi har bindande avtaler med alle praksisplassar - både i spesialist- og primærhelsetenesta. Nytt kvalitetssikringssystem for praksisstudiar (godkjent av NOKUT i 2007) sikrar at alle kontaktsjukepleiarar har minst 3 dagars rettleingskurs og inneheld rutinar for handsaming av samarbeid mellom høgskulen og praksisfeltet om rettleing og vurdering av studentane sine praksisstudiar.

I tillegg har vi oppretta eit samarbeidsråd mellom HSH og alle praksiskommunar og eit anna mellom HSH og Helse Fonna Helseføretak. Råda møtes regelmessig og minst ei gong pr. semester. Føremålet er å ha ein arena for samarbeid om studiar, praksisorganisering, FoU-prosjekt og utvikling av nye EVU-tilbod.

Dei nye samarbeidsforuma kjem i tillegg til andre samarbeidsorgan som praksisråd, styringsgrupper for samarbeidsprosjekt, regionalt samarbeidsorgan mellom Helse Vest og høgskuler og universitet, samt dialogmøter med praksisrettleiarar.

I 2009 har vi etablert seks praksisutviklingsprosjekt med samarbeid mellom HSH-tilsette og aktørar frå praksis (bruk av praksisrettleiarmidlene). Vi har også oppretta

samhandlingsprosjekt med helseføretak og dei største kommunane i regionen (Helsetorgmodellen) som sikrar enno betre samarbeid om Forsking og utvikling, utdanning og kompetanseheving.

Vi er med i samarbeidsråd mellom kommunar og helseføretak i Helse Fonna Regionen, har representant i styringsråd for Bjørgene Undervisningssykehjem og deltar i styringsgruppe for samhandlingsprosjektet Helsetorgmodellen (Helse Fonna, HSH og 7 kommunar) – som er omtala seinare.

Ressursar per student

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2006	2007	2008	2009	
Studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	16,1	16,5	18,2	16,5	18,4
ALK		13,3	14,8	15	16,7
ATØM		21,4	23,6	22	22
AHF		16,7	18,2	15	17,8

Studentar pr. undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling er nokså stabil frå 2008 til 2009, frå 18,2 til 18,4. Innan lærarutdanningane har studenttalet auka i høve til lærarstillingane, medan dei to andre avdelingane har redusert studenttalet pr. undervisningsstilling.

Tilrettelegging for funksjonshemma studentar

Læringsmiljøutvalet er eit velfungerande utval som legg vekt på Universell utforming, eit godt læringsmiljø prega av gode rammefaktorar og eit godt psykososialt arbeidsmiljø. Studentrådgivar er koordinator for funksjonshemma studentar.

Høgskulen har ein revidert Handlingsplan for funksjonshemmastudentar 2007 – 2011. Denne planen vert revidert minst kvart fjerde år eller når behova melder seg. Alle studentar som kan dokumentere funksjonshemming, sjukdom, skade eller lyte får søknaden sin om tilrettelegging vurdert. Dette gjeld tilrettelegging både på studiet og til eksamen. I tillegg får alle studentar med synsproblematikk og lese-/skrivevanskar tilbod om lydbøker frå Norsk lyd- og blindbibliotek. Høgskulen har også samarbeid med hjelpemiddelsentralen for utlån av hjelpemiddel for dei med spesielle behov. Dette gjeld fysiske hjelpemiddel og ulike lisensar som IKT-hjelpemiddel.

Fysisk læringsmiljø

Ein har jamleg gjennomgang av campus både på Stord og i Haugesund saman med Statsbygg og funksjonshemma studentar for å teste ut det fysiske miljøet. Målet er Universell utforming og gode rammefaktorar for alle studentar.

Psykososialt læringsmiljø

Desse tiltaka er meint som førebyggjande tiltak:

- Semesterstart med gode faddertiltak
- Oppretting av Psykososialt team (som tek opp bekymringssaker)
- Ruspolitikk er sett på agendaen og det er lagt ein prosedyreplan ved rusbruk
- Kurs i meistring av eksamensangst

Tiltak for studentar på attføring

7-9 % av studentane av den totale studentpopulasjonen går på attføring. Denne studentgruppa har høgskulen hatt fokus på for å tilrettelegge slik at dei kan lykkast med studiet sitt. Dette kan gjelde studentar med fysiske og/eller psykiske funksjonshemmingar. I desse sakene samarbeider ein ofte med NAV.

Verksemdsmål 1.3

Høgskulene skal ha eit utstrakt internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som bidreg til auka utdanningskvalitet.

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2006	2007	2008	2009	
Mengd utvekslingsstudentar (ut/innreisande)	55,0	86,0	99,0	130	122
Avd. Haugesund	20				
Avd. Stord	11				
HSH (uspesifisert)	24		Inn/ut		Inn/Ut
ALK		29	14/14	30	9/4
AHF		34	15/28	45	22/38
ATØM		23	30/24	54	26/23

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2006	2007	2008	2009	
Mengd framandspråklege utdanningstilbod	-	9,0	16,0	6	6
ALK	0	0	2	2	3
AHF	0	0	2	2	1
ATØM	10	16	7	10	2
Studietilbod i samarbeid med utanlandske Institusjonar (Fellesgrader)	-	-	-	-	-

HSH har på institusjonsnivå nesten nådd sitt ambisjonsnivå når det gjeld inn og utreisande studentar i 2009. (avviket har samband med at ein del innreisande studentar som er her for eit heilt år, fyrst blir registrert siste semester, vår 2010) På avdelingsnivå ser vi at avdeling AHF har ein vesentleg høgare aktivitet enn ambisjonsnivået. Avdeling ALK har eit ambisjonsnivå på 30 studenter i 2009. Resultatet viser at det kun er registrert 13 studenter ved avdelinga.

Strategien for 2009 var i det vesentlege å vidareføre det påbegynte arbeidet med å styrke det internasjonale nettverket i Europa med den hensikt at fleire studentar var i utveksling her. Det er gjennomført institusjonsbesøk hjå ei rekke partnerar for å marknedsføre HSH for studentar ved partnerinstitusjonane. Det blir arbeida for å auke antal engelskspråklege tilbod for å tiltrekke fleire internasjonale studentar. Planmessig marknedsføring blant egne studentar blir gjennomført.

Når det gjeld helsefag, med ein stor auke i inn/utveksling av studentar, er utfordringa no å finne eit 'tak' for å sikre kvalitet på praksisstudiar – både ute og inne. For mange internasjonale studentar inn er ei utfordring – fordi det belastar praksis med rettleiing på engelsk – noko ein har lite trening i. For å bøte på dette har HSH utvikla eit kurs i helsefagleg engelsk for praksisrettleiarar med over 50 deltakarar per 15/2-2010.

For mange studentar ut gir nedgong i studiepoengproduksjon og er på den måten ei økonomisk belastning . I 2009 hadde Avdeling for helsefag eit mål om å bli betre på fagleg samarbeid både innanfor utdanning og FoU. I 2009 har fleire internasjonale kontaktar vitja avdelinga, og vi har vitja i utlandet.

Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag (ATØM) ligg om lag på det planlagde nivået for internasjonalisering i 2009, men innan maritime fag har det gått noko ned. ”Stø Kurs”-midlane til stipend for utanlandske studentar bidrog positivt. Ein ynskjer å stramme grepet om berre å tilby kurs på engelsk i 5.semester. Dette for å sikre best mogleg kvalitet på tilboda om engelskspråkleg undervisning.

Avdeling for lærarutdanning og kulturfag (ALK) har gitt to grunnutdanningstilbod på engelsk; ”Music in the Fjords” og ”Fjords and Glaciers”, kvart på 30 studiepoeng. Musikktilbodet har vore knytt til bachelorutdanninga i musikk, medan friluftstilbodet har vore eit enkeltstående kurs knytt til lærarutdanningane. Studentar som tek praksisen sin i lærarutdanninga i utlandet, blir ikkje rekna med i statistikken. Omfanget er derfor noko større enn det som kjem fram.

SEKTORMÅL 2

Universitet og høgskuler skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning, fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid.

Særlege utfordringar for sektormål 2

Dei overordna utfordringane til Høgskolen Stord/Haugesund innanfor sektormål 2 er :

- Vidareutvikla forskingssamarbeid institusjonelt og i mellom forskarar
- Auka gjennomstrøyming i forskarutdanninga
- Ha fortsatt fokus på eksterne midlar til forskning
- Forankre programstruktur, arbeidsformer blant personalet
- Opprettholde ein vekstambisjon i dei respektive program
- Etablere god leiing i programma og prosjekta

Styret hadde følgjande fokusområder i 2009 under sektormål 2 og 3:

- Utarbeide internasjonal strategi
- Utarbeide FOU-strategi

Styret har følgjande fokusområder i 2010 under sektormål 2 og 3 (omtala i planar 2010):

- Nye eksternfinansierte prosjekt
- kompetanseheving

Verksemdsmål 2.1

Dei statlege høgskulene skal medverka til profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionane.

Det meste av forskingsaktivitet ved høgskolen er kva vi vil karakterisere som profesjonsretta i den forstand at

- Forskingsspørsmåla fokuserer på å styrke fagfelte innanfor høgskulen sine utdanningar.
- Forskingsresultata vil bidra til å betre kandidatane sin handlingskompetanse i si yrkesutøving.
- Forskingsresultata vert brukt som grunnlag for nye studietilbod, og gir relevant og oppdatert kunnskap i undervisninga.
- Vi forsøker å trekkja representantar i frå profesjonsfeltet med i prosjekta anten som deltakarar, respondentar, eller ved bidrag i referanse- og styringsgrupper.

Dette gjeld aktivitetane innan tekniske, økonomiske og maritime fag, så vel som pedagogiske fag og helsefag. Slik sett får høgskolen gjennom sine FoU aktivitetar ein brei kontaktprofil ut mot regionen innan våre forskings- og utdanningsfelt, men særskilt innan våre satsingsområde innan forskning. Aktivitetane rettar seg både mot privat og offentleg verksemd. Med utgangspunkt i dei satsingsområda som vi har for FoU, vil vi i det følgjande gå nærare inn på analysen av dei kvalitative styringsparametrane.

Forskning innanfor Avdeling for tekniske/økonomiske/maritime fag:

For høgskolen har den maritime verksemda i regionen alltid vore eit satsingsområde. I høgskolens strategiplan for 2008-2016 vert det eksplisitt uttrykt: ”Undervisning, formidling, forskning og utvikling, og regionalt utviklingsarbeid innan dei tekniske, økonomiske og maritime fagområda skal ha spesiell relevans for den petromaritime næringsklynga i

regionen. Vi skal ha særskilt fokus på teknisk sikkerheit, økonomisk og organisatorisk usikkerheitshandtering og komplekse maritime operasjonar.”

Det petromaritime forskingsprogrammet Maritim Kompleksitet omfatta ved utgangen av 2009 følgjande forskingsprosjekt:

- Maritim Kompleksitet: (NFR-finansiert) med underprosjekt 1) ”Reaksjonsmønster i samansette styringssituasjonar, 2) ”Organisatorisk kompleksitet i petromaritime operasjonar”, 3) ”Bedrifts renommé i norske offshore bedrifter”
- Sikkerhetskultur og sikkerheitsleiing i reiarlag (stipendiat)
- Leiing i offentlig maritim verksemd (eigenfinansiert)
- Maritim bruk av formell omgrepsanalyse, fuzzy logic og kunstig intelligens (eigenfinansiert)
- Maritim logistikk /ship design (stipendiat)
- Sfærisk navigasjon (eigenfinansiert)

I tillegg drivest det også prosjekt innanfor FoU-område som:

- Lett brønnintervensjon; utfordringar for maritime aktørar (prospekt)
- Ballastvatn og helsefare (prospekt)
- Water droplets and intersection with flames (eigenfinansiert)
- COSSY: Brann på Containerskip (EU-søknad)
- Tekniske tryggleiksaspekt ved CO² handtering (søknad)

Forsking innanfor samfunnsøkonomi:

Forskningsprogrammet innan regionalvitskap –”Regional Science”- har fokus på konsekvensanalysar for regional utvikling gjennom det Forskningsrådsfinansierte KARU prosjektet. Programmet inkluderer ei rekke prosjekt:

- Utvikle modellapparat til å evaluere verknadene av eksogene sjokk i ein lokal økonomi, representert for eksempel ved nedlegging av bedrifter eller ved investeringar i transport infrastruktur (kalla ”Regional Likevektsmodell”).
- Geografiske variasjonar i bustadprisar, og bustadmarknad i ein regionaløkonomisk vekstprosess.
- Studie av regionale arbeidsmarknader, med fokus blant anna på geografiske forskjellar i arbeidsløyse og lønningar.
- Mobilitet i arbeidsmarknaden; modellering av pendle- og flyttestrømmar.

Forsking ved Avdeling for lærarutdanning og kulturfag

Forskningsverksemda knytt til offentleg sektor går føre seg primært innan lærarutdanning, helsefag og samfunnsøkonomi. For avdeling for lærarutdanning og kulturfag (ALK) fastslår strategisk plan følgjande faglige satsingsområde: *”Didaktikk og profesjonskunnskap: Undervisning, forskning og utvikling, formidling og refleksjon innan fagområda i avdeling for lærarutdanning og kulturfag skal møte framtidens krav til lærarkompetanse ved å utdanna lærarar med høgt fagleg nivå. Analyse av og refleksjon over bruk av digitale verkty som del av undervisning og opplæring skal vera eit sentralt fokusområde.”*

Vi har tre FoU-program innan dette området:

- Program for kultur- og kreativitetspedagogikk
- Program for praksisretta forskings- og utviklingsarbeid
- Program for ECT (Education, Curriculum and Technology)

Hovudfeltet for alle programma er didaktikk og profesjonskunnskap. På denne måten kan tema som vurdering og fagleg utviklingsarbeid knytast til alle programma etter kva fokusområde som vert lagt til arbeidet. På sikt har vi som mål at det utviklast mastertilbod som vert knytt til alle programma anten aleine eller i samarbeid innan UH-nett Vest. Alle tre programma innan didaktikk og profesjonskunnskap har eksternfinansierte prosjekt (NFR-finansierte).

I Stortingsmelding nr 11 ”Læreren – rollen og utdanningen” foreslår Regjeringa ein ny lærarutdanning for grunnskolen med auka vekt på faglig og pedagogisk kompetanse, studiekvalitet og forskingsorientering.

Tiltaka Regjeringa legg fram for å gjere skolen og utdanninga enda betre er:

- Økt kvalitet i lærarutdanninga
- Betre rekruttering til læraryrket og lærarutdanningane
- Tettare oppfølging av og støtte til nyutdanna lærarar
- Meir relevant FoU for grunnopplæring og lærarutdanning

Ved mellom anna å knytte den nye kunnskapen og kompetansen som utviklast gjennom forskingsprosjekta opp i mot utvikling av mastergrad, er det vår måte å tilnærme oss desse intensjonane.

Forskning ved Avdeling for Helsefag

FoU-profilen innan helsefag (Avdeling for helsefag) er ”*langtidspasienten*” eller ”*samhandling og god profesjonell praksis til pasienter i langtidforløp*”. Vi arbeidar for å utvikla FoU-program som er forankra til ein slik profil. Vi legg vekt på at programma skal ha ein tydeleg koplning til profesjonsområdet og ha ein tydeleg praktisk relevans for sjukepleiarane og helseinstitusjonane i regionen. Profilen og programma vil vere i endring som konsekvens av nye spørsmål i samfunnsdebatten, ny kompetanse i staben og nye kjelde for eksterne FoU-midlar. Innan helsefag er det førebels definert tre FoU-program:

- *Verdighet og etikk i pasientmøtet.*

Omsorgsvitskapen som ein humanvitskapleg disiplin føreset ein etikk som inkluderar tanken på menneskets absolutte verdighet og føreset ein konstant dialog mellom vitskap og praksis. Kwart møte med pasienten har ein etisk dimensjon. Det ytre etiske målet er å garantere menneskets verdighet; individets absolutte verdi som menneske. Aktuelle prosjekt er førebels knytt til Bjørgene Undervisningssjukeheim i Haugesund og Senter for omsorgsforskning – Vest. Innanfor dette programmet er utviklinga av den kliniske omsorgsvitskaplege brukte forskning (KVA) sentral. Målet med KVA er å utvikle så vel teoretiske utgangspunkt som klinisk praksis.

- *Helsefremming og meistring.*

Brukarmedverknad og synet på brukaren som ekspert er sentrale prinsipp i nyare helselover. Helsefremming arbeid har til hensikt å utvikle personlig kompetanse, skape støttande omgivingar, utvikle sunn helsepolitikk og å vidareutvikle helsetilbod. Helsefremming handlar også om den enkeltes ansvar i forhold til livsstil og velvere. Aktuelle prosjekter er knytt til lærings- og meistringssenteret i Helse Fonna. I framtida er programmet tenkt forankra i

planlagde rehabiliteringsavdelingar i regionane (Helse Fonna, Stord Kommune og/eller Haugesunds Sanitetsforenings Revmatismesjuehus).

- *Helsefaglig samhandling og kompetanseutvikling.*

Helsefagavdelinga brukar øymerka praksisrettleiingsmidlar til FoU-samarbeid mellom høgskolen og praksisfeltet. For å styrke utviklingsretta samarbeidsprosjekt har vi etablert eit eige FoU-program som vektlegger utviklingsarbeid som vitskapelig sjanger. Programmet føreset aktørar frå både høgskolen og praksisfeltet i kvart prosjekt. Ved tildeling blir prosjekt med studentinvolvering prioritert. Typiske prosjekt har kompetanseheving som del av målsettinga for alle involverte. I tillegg inkluderer programmet prosjekter med fokus på sentrale omsorgsfenomen knytt til samhandling og kompetanseutvikling i helsetenesta.

Vitskapeleg publisering

Frå prosjektaktivitetane er det etter kvart kome ein brei vitskapeleg publisering. Vi har makta å oppretthalda publiseringstalet frå 2008, då vi hadde ein markant auke. Fortsett er vi avhengige av nokre forfattarar som publiserar mykje, men produksjonen av publiseringspoeng i 2009 representerar ei større breidde. Helsefag har ein markant auke. Her skyldast nok mykje av publiseringsauken den auka andel av fyrstekompetanse. Pedagogiske fag har og ein auke, men ikkje like markant. Innan dei tekniske, økonomiske og maritime forskingsfelt har vi ein mindre nedgang. I sum utgjer likevel dette omlag den same produksjon som i 2009. Og det er vi nøgde med. Arbeidet rundt oppsummering og skrivning i samband med resultatane frå fleire av Forskningsrådsprosjekta, er i startfasen i forhold til publiseringarbeidet. Vi har tru på at den vitskapelege publiseringa vil få ein auke som følgje av dette. Men slik publisering tek tid.

Ekstern finansiering

I høve ekstern finansiering har vi ein markant auke frå 2008. Denne auka har vi vore klar over, då det er først i 2009 vi har full utteljing for dei ekstern finansierte prosjekta vi har så langt. Vi har ei utfordring no i å oppretthalda eksisterande prosjektportefølje då fleire (tre) av prosjekta går ut i 2010. Det betyr at vi må fokusera vidare på å etablere nye eksternt finansierte prosjekt. I tillegg til finansiering via Forskningsrådet, har vi eit potensiale mot andre eksterne finansieringskjelde inkludert EU. Våre tal på prosjektfinansiering via denne finansieringsforma er låge, men aukande. Mest grunna finansiering frå lokal industri og via VRI. Inntekta frå EU er låg. Vi har ein mindre del i eit Comenius prosjekt mellom anna i samarbeid med Karmøy kommune. Her er eit potensiale, men det er og særst vanskeleg å kome igjennom med søknadar.

Vi har oppretta samhandlingsprosjekt med helseføretak og kommunar der eit vesentleg mål er samarbeid om praksisnære FoU-prosjekt. FoU-arbeidet vert styrt mot satsingsområde i regionen som eldreomsorg og hjelp til læring/meistring for kronisk sjuke.

Mykje FoU-innsats innan helsefag er knytt til Bjørgene Undervisingsjueheim, Senter for omsorgsforskning – vest og Lærings- og meistringssenter innan Helse Fonna Helseføretak. Vi arbeider kontinuerleg med å knytte band til anerkjente FoU-nettverk då vi trur at dette også vil auka sjansen for å få eksterne FoU-midlar. Vi opplever likevel stor konkurranse om midlane til finansiering av helsefaglege FoU-prosjekt.

Styringsparameter	Resultat			Ambisjon snivå	Resultat
	2006	2007	2008	2009	
Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings og formidlingsstilling	0,08	0,22	0,34	0,3	0,28
Avd. Stord	2				
Avd. Haugesund	11				
ALK (publikasjonspoeng)		5,7	2,7	8	7,6
ATØM (publikasjonspoeng)		23,6	37,5	30	30,3
AHF (publikasjonspoeng)		6,2	12,8	15	13,5

NFR-tildeling per undervisnings-, forskings og formidlingsstilling	4 885	11 200	47 900	86 000	61558
Avd. Stord	89.000				
Avd. Haugesund	656.000				
ALK (NFR-tildeling)		1.160.000	5.349.789	6.292.000	6.296.545
ATØM (NFR-tildeling)		617.000	2.075.789	5.650.000	4.456.871
AHF (NFR-tildeling)	0	24.000	75.789	1.500.000	74.665

EU-tildeling per undervisnings-, forskings og formidlingsstilling (i 1000-kroner)	0,43	0,92	0,46		0,92
Avd. Stord	61.000				
Avd. Haugesund	0				
ALK (EU-tildeling)		147.000	73.000		162.683
ATØM (EU-tildeling)		0	0		
AHF (EU-tildeling)		0	0		

Verksemdsmål 2.2.

Høgskuler med forskarutdanning skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet, som er innretta og dimensjonert for å ivareta behova i sektoren og i samfunnet elles.

Vi har ein betring av kandidattala for doktorgradar. I 2009 har vi 5 tilsette som har avlagt eksamen for doktorgrad. Av desse kjem 4 frå helsefag. Samanlikna med tidligare år med 0-1 kandidatar årleg, er dette bra. Men bak talla kan vi nok ikkje seie at vi har funne ”nøkkelen” til forbetring av kandidatproduksjonen. Fleire av kandidatane har vi venta på i nokre år skal bli ferdig. Av same årsak reknar vi med eit godt kandidattal for 2010 også.

Nøkkelen til ein betring i kandidatproduksjon ligg nok framleis til dei doktorgradsgjevande institusjonane. Vi meiner at vår oppfølging av kandidatar er ein god start, og gir ein grad av tryggleik og tilhøyrsløse for arbeidet. Men det er avgrensa kva vi kan gjøre. Kandidatar ved høgskolen skal i utgangspunktet være knytt til eit av forskingsprogramma som vi har definert. Med det vil følgje ein intern rettleiar, som i utgangspunktet også skal være godkjend medrettleiar i det PhD-programmet som kandidaten følgjer. Med slik forankring følgjer også samhandling i eit FoU team, med dei oppgåver, plikter og den læring og danning som følgjer

med det. Ein klassisk problemsituasjon som ofte har følgt med kandidatar ved høgskolen, har vore at dei har mangla miljøpåverknad, dei er i for stor grad blitt overletne til seg sjølv, og kontakta med PhD-institusjon og hovudrettleiar har i varierende grad vore kontinuerlig. Med fem tilsette som i 2009 har disputert, vil vi lyse ut nye stipendiatstillingar i 2010.

Vi har også utvida det internasjonale samarbeidet i samband med oppfølginga av våre PhD kandidatar/stipendiatar. Fleire av stipendiatane er tekne opp til PhD-program ved institusjonar i utlandet med ein særskilt Skandinavisk profil. Mellom anna Karolinska Institutet (Sverige), Åbo Akademiet (Finland), og Danmarks Pedagogiske Universitet (DPU). Av norske samarbeidsinstitusjonar om PhD er særleg UiS, UiB og NHH viktige.

Det inneber at stipendiatar har intern rettleiar ved HSH og som samarbeider med rettleiarar ved dei aktuelle doktorgradsinstitusjonane. Når dei i tillegg vert følgd opp internt kollektivt, meiner vi dette aukar sjansane for at dei kan koma igjennom raskare. Nasjonalt bidreg vi i arbeidet med å utvikle felles PHD-utdanningar. Vi er også aktive deltakarar i nasjonale forskarutdannings skular. Frå januar 2010 er tre stipendiatar tekne opp som studentar på den nasjonale forskarskulen Nafol. Denne forskarutdanninga har og eit internasjonalt fokus. På avdelingsnivå er det også lagt opp til ein funksjon som FoU fagleg leiar som mellom anna skal rettleie og følgje opp stipendiatane.

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2006	2007	2008	2009	
Mengd uteksaminerte doktorgradskandidatar, per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0	0	0		0,03
ALK (Uteksaminerte)					1
ATØM (Uteksaminerte)					0
AHF (Uteksaminerte)					4

SEKTORMÅL 3

Universitet og høgskuler skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverka til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultatane. Universitet og høgskuler skal òg leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

Som ein regional høgskule er rolla som regionens samarbeidspart innan høgare utdanning og forskning og utvikling svært sentral. Strukturane og arbeidet vi utfører innanfor sektormål 3 har stor innverknad på måloppfyltinga under sektormål ein og to. Det er derfor viktig å sjå rapporteringa under dette sektormålet i samanheng med rapporteringa for sektormål ein og to.

Det er eit omfattande samarbeid med regionen der vi deltek i aktuelle fora der undervisning og forskning blir drøfta, og som nemnt er heilt avgjerande for den aktiviteten vi har. Både i høve til offentleg verksemd og i høve til næringslivet har vi eit omfattande samarbeid. I høve til næringslivet:

Vi arbeidar for å vitalisere potensialet innan VRI Rogaland ytterlegare, ved at vi mellom anna har overteke funksjonen som delprosjektleder innan VRI Maritim. Vi arbeidar vidare for å utvikla fleire forpliktande samarbeidsordningar som skal styrke undervisning, forskning og praksisfelt ved mellom anna å vera medlem i Sjøfartens rekrutterings- og UtdanningsForum (SURF), det regionale industripartnarskapet saman med mellom anna Aker Solutions, Wärtsila, Westcon, Aibel og Apply Leirvik. Vidare er vi medlem i Haugesund Rederiforening og, deltakarar i Global Maritime knowledge hub.

I høve til det offentlege:

Innan lærarutdanningane er det eit tett samarbeid med kursregionane for kommunane i Nord-Rogaland og Sunnhordland (14 kommunar). Avdeling for lærarutdanning har også eit aktivt samarbeidsråd der vertskommunane er med, dei nemnde kursregionane og faglege leiarar i avdelinga. Rådet sikrar ein løpande dialog for utvikling av aktuelle vidareutdanningar, forskningsprosjekt og kvalitetsutvikling i grunnutdanninga i tråd med regionen sitt behov. Det blir også arbeida aktivt med studentrekruttering og omdømmebygging gjennom eit tett samarbeid med ulike aktørar i regionen, og vi deltek også i arbeidsutvalet for Gnist i Rogaland og Hordland. Det er også eit tett samarbeid i regionen for å formidle fagleg og kunstnerisk utviklingsarbeid gjennom arrangement som Samtidsdagar, Forskningsdagar, Bokfestivalar, Kulturatt, offentlege eksamenskonsertar, kursvirksomhet osv.

Samarbeid knytt til helsefag er omtala særskilt under sektormål 1

Vi har styremedlemskap i Maritimt Forum, Atheno, Haugaland Kunnskapspark, ResQ, Polytec, samt i eventuelt nytt Simulatorsenter.

Særlege utfordringar for sektormål 3

- Oppretthalde og auke talet på publikasjonspoeng
- Synleggjere dei faglege resultatane av vår FoU verksemd
- Auke formidling mot arbeidsliv og allmenning og i ei form og eit språk som gjer at vi opplevast som tilgjengelege, nyttige og betydningsfulle
- Reflektera FoU i undervisning og i utdanningstilbod

Verksemdsmål 3.1

Høgskulene skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultatane frå FoU-verksemda.

HSH har dei siste åra hatt auka aktivitet knytt til Forskingsdagane med seminar for interne og eksterne deltakarar, der mellom anna FoU-aktivitetar og resultat vert formidla. Vi har årlege seminar for praksisfeltet (særleg helsefag) der arbeid med praksisprosjekt og bruk av praksisrettleggsmidlar vert formidla. Vi har ein auke i seminar for eksterne som fokuserer på formidling av FoU-resultat (mellom anna Psykisk helse og eldreomsorg i 2009). Ferdige PhD kandidatar har formidla si forskning og sine resultat til praksisfeltet.

Innan pedagogiske utdanningar har vi ei brei etter- og vidareutdanningsverksemd. Denne rettar seg også mot praksisfeltet. Som del av dette deltek fagpersonalet i populærvitenskapelig debatt innan fag der vi har særskilte føresetnader. Avdelinga har og jobba med formidling av vitenskapelig arbeid gjennom til dømes den nynorske barnebokfestivalen Falturiltu.

Innan tekniske, økonomiske og maritime fag arrangerast det årleg møte i eit arbeidslivråd som er oppnemnd med representantar både frå så vel næringsliv som offentleg verksemd. Her vert tema henta i frå forskingsprogramma og satsingsområda handsama. I tillegg arrangerer dei forskjellige FoU-programma egne samlingar og seminarar. I 2009 vart vi også medlem av CIAM, eit samarbeidsprogram mellom anna UiS og næringslivet i regionen. Vi står også ansvarlege for tre aktuelle seminar i august med brei næringslivsdeltaking.

Verksemdsmål 3.2

Høgskulene skal medverka til samfunns- og næringsutvikling gjennom innovasjon og verdiskaping.

Bidrags- og oppdragsfinansierte inntekter ved Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag kjem i hovudsak frå etter- og vidareutdanningsverksemd der vi leverer kurs til industrien og offentleg sektor i regionen. Vi arbeidar for å vitalisere potensialet innan VRI Rogaland ytterlegare, ved at vi mellom anna har overteke funksjonen som delprosjektleiande innan VRI Maritim. Vi arbeidar vidare for å utvikla fleire forpliktande samarbeidsordningar som skal styrke undervisning, forskning og praksisfeltet. Vi er medlem i Sjøfartens rekrutterings- og UtdanningsForum (SURF). Vi er medlem i det regionale industripartnarskapet saman med mellom anna Aker Solutions, Wärtsila, Westcon, Aibel og Apply Leirvik. Vi er medlem i Haugesund Rederiforening og deltakarar i Global Maritime knowledge hub. Vi har styremedlemskap i Maritimt Forum, Atheno, Haugaland Kunnskapspark, ResQ, Polytec samt i eventuelt nytt Simulatorsenter.

Avdeling for lærarutdanning har ein systematisk kontakt med aktørar i regionen for å nå dette verksemdsmålet. Eit eksempel er samarbeidsrådet med månadlege møter der representantar for rådmennene i Stord og Haugesund, dekan ved Avdeling for lærarutdanning og kulturfag, studieleiarar, etter- og vidareutdanningskoordinator ved HSH, programleiar for forskning retta mot praksis og studentar deltek. Denne kontakten bidreg både til å få søkjarar til grunnutdanningane ved HSH og til at etter- og vidareutdanningane blir attraktive.

Innan helsefag har vi i Helsetorgprosjektet eit innovativt prosjekt der tre partar – 1)Høgskule (HSH), 2) Helseforetak (Helse Fonna) og 3) Sentrale kommunar i regionen (bl.a. Haugesund, Stord, Bømlo, Tysvær, Karmøy, Sveio og Odda) går saman om å førebu den kompetanseoverføringa og samhandlinga som samhandlingsreforma vil krevja. Prosjektet er avgrensa til brukargruppene eldre og kronisk sjuke. Helsetorgmodellen innehar eit knippe tiltak som krev samarbeid mellom helseføretak og kommunar for å gje innbygarane dei

tenestene dei treng så nær sin eigen bustad som mogleg. Eksempel er 1) Førebyggjande helseteam for eldre, 2) kommunale observasjonsplassar for eldre, 3) kommunale rehabiliteringsplassar, 4) kommunale Lærings- og meistringssenter (LMS), 5) ulike fagnettverk på tvers av helseføretak, høgskule og kommunar. Ein grunnstein i modellen er ein felles FoU-eining med basisfinansiering frå alle tre partane. FoU-eininga skal ha fokus både på kompetanseheving, utviklingsprosjekt og forskning. Partane har søkt HOD og Helse Vest om støtte til å prøva ut modellen (samhandlingsmidlar) – med mål om at den kan ha potensiale for erfaringsoverføring til andre helseregionar med ei rekkje små og middels store kommunar. Gjennom Helsetorgmodellen har helsefag fått midlar frå Helse Fonna knytt til pilotprosjekt som inneber utvikling av FoU-nettverk med mål om å utvikle gode nok prosjekt til å nå opp i konkurransen om eksterne FoU-midlar frå Helse Vest, NFR og/eller Helse og rehabilitering.

Miljø og moglegheitsanalyse av kommersialisering av FoU-innhald frå HSH

Det er teke initiativ til ein samarbeidsavtale med Prekubator som technology tranfer office. Prekubator har same funksjon ovanfor bl.a. UiS, IRIS, USR, Polytec m.fl. og skal tidleg i 2010 gjennomføre ein kartlegging av miljø og ein moglegheitsanalyse med fokus på kommersialisering av FoU-innhald frå HSH.

Etablering av immaterielle retningslinjer

Når det gjeld arbeidet med etablering av retningslinjer for immaterielle retningslinjer (IPR), har vi gjort følgjande: Vi har etablert ein rammeavtale med PREKUBATOR, som er ein kommersialiseringseining for FORNY-Rogaland og TTO (Technology Transfer Office). Medeigarar er så langt er følgjande institusjonar Universitetet i Stavanger (UiS), Helse Stavanger HF-Stavanger universitetssjukehus (SUS), Nofima Norconserv AS, Misjonshøgskolen, Bioforsk Vest, Norges Veterinærhøgskole, avd. Sandnes og International Research Institute of Stavanger AS (IRIS). HSH har eit ønskje om å utvida samhandlinga med desse institusjonane og tilslekta einingar i ein kommersiell samheng, og ser ein slik rammeavtale som eit første skritt i retning mot tettare medlemskap og samarbeid.

Prekubator utførar sitt arbeid opp i mot HSH gjennom finansiering via Innovasjon Norge og Forny programmet. Det dei fyrst skal gjera, er å kartleggja miljøet i høgskolen med sikte på å gje ein vurdering av kommersialiserings- og innovasjons moglegheiter. Dette vil bli lagd fram under ein FoU samling i mars 2010. Deretter vil vi ta utgangspunkt i desse resultata, og arbeida vidare for å utvikle IPR retningslinjer. Vi ønskjer å gjere dette som ein dynamisk prosess saman med fag-/ forskarpersonalet, og ikkje berre som ei administrativ øving. Vi har vald å gjera det på denne måten , fordi dette vil involvera fagpersonalet, og gje IPR tenkinga ein betre forankring, ved at fagfolka får ein viss kjennskap og forhåpentlegvis ein felles forståing for denne type kommersiell tenking og rettighetsspørsmål. Vi får samstundes ei brei belysning av aktuelle område og felt der vi kan ha eit kommersielt potensiale.

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2006	2007	2008	2009	
Omfang av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet					15 410
Mottatte forretningsidear	-	-	-	-	-
Mottatte forretningsidear som har resultert i oppretting av selskap	-	-	-	-	-

Nye doktorgradsavtaler, heile 2009

Studium (DBH-kategorier)	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Norges forskningsråd		Finansiert over andre eksterne kjelder	
	Totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
SAMVIT	3	2	1	1		
HELSEFAG	3	2				
Totalt	6	4	1	1		

Samtlege doktorgradsavtalar, haust 2009

Studium (DBH-kategoriar)	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Norges forskningsråd		Finansiert over andre eksterne kjelder	
	totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
TEKNOL	1					
SAMVIT	9	7	2	1	1	1
HELSEFAG	6	3				
Totalt	16	10	2	1	1	1

Avlagte doktorgrader, heile 2009

Studium (DBH-kategoriar)	Finansiert over institusjonens grunnbudsjett		Finansiert over Norges forskningsråd		Finansiert over andre eksterne kjelder	
	totalt	kvinner	totalt	kvinner	totalt	kvinner
SAMVIT	1	1				
HELSEFAG	4	4				
Totalt	5	5				

SEKTORMÅL 4

Universitet og høgskuler skal organisere og drive sin verksemd på ein slik måte at samfunnsoppdraget blir best mogleg ivaretatt innanfor ramma av disponible ressursar.

Særlege utfordringar for sektormål 4

Hovudutfordringane:

- Ha ei mest mogleg effektiv intern ressursutnytting
- Kompetansenivå
- Samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar

Styret hadde følgjande fokusområde i 2009 under sektormål 4:

- Utarbeide ein personalpolitisk plan, i samsvar med strategisk plan.
- Utarbeide ei utgreiing om administrative tenester, kopling fag/administrasjon og strategiske faglege prioriteringar
- Vidareutvikla styringsverktøya for å få ein betre økonomisk internkontroll og betre grunnlag for ressursprioriteringar

Styret har følgjande fokusområde i 2010 under sektormål 4 (omtala i planar 2010):

- Kompetanseheving
- Samarbeid med andre institusjonar
- Heilhetleg system for intern kontroll

Verksemdsmål 4.1

Høgskulene skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2006	2007	2008	2009	
Driftsutgifter per avlagte 60-studiepoengseiningar	127	145	139		144
Driftsutgifter per Publikasjonspoeng	18033	6601	4667		
Forholdet mellom vitenskaplege og administrativt tilsette	2,36	2,15	2,24		2,29

I 2009 har HSH driftsutgifter pr. avlagte 60-studiepoengseining som ligg rett i underkant av gjennomsnittet for dei statlege høgskulene (145).

Når det gjeld driftsutgifter pr. publikasjonspoeng, ligg gjennomsnittet for dei statlege høgskulene i 2008 på kr. 6000, medan vi ligg på kr. 4667 pr. publikasjonspoeng. I 2008 hadde vi stor produksjon av publikasjonspoeng noko som har gitt utslag i dette forholdstalet. Både i 2006 og 2007 låg vi over gjennomsnittet for dei statlege høgskulene.

Forholdet mellom vitenskaplege og administrativt tilsette er nokså stabilt på rundt 2,2-2,3 dei siste åra. Dette ligg på nivå med snittet for dei statlege høgskolene.

HSH gjekk inn i 2009 med ei redusert økonomisk ramme i høve til 2008. For å kunne satse vidare på fagleg prioriterte områder innan forskning og utdanning vart desse områda skjerma frå nedskjeringar i rammene. Det var støttetjenester og administrative funksjonar og kjøp av utstyr som vart nedprioritert. I 2010 fortset vi arbeidet med utvikling av styringsverktøya og intern kontroll.

Styret handsama i 2009 ei utgreiing knytt til dei administrative tenestene. Generelt ser ein eit stadig større krav til administrasjon-/støttefunksjonar, profesjonaliseringa av desse. Det er behov for auka kompetanse for å bidra inn mot fagmiljøet, drive ein moderne organisasjon og stette eksterne krav. Styret vurderte den administrative staben til dels for liten til å ivareta strategisk viktige områder for institusjonen, og det er foreslått auka ressursar i 2010.

Verksemdsmål 4.2

Høgskulene skal gjennom sin personalpolitikk medverka til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

Kompetansenivå

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2006	2007	2008	2009	
Andel fyrstestillingar av total mengd undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar	0,26	0,29	0,27		0,27
Avd. Stord	0,21				
Avd. Haugesund	0,23				
ALK		0,33	0,27	0,26	0,22
ATØM		0,41	0,40	0,35	0,40
AHF		0,16	0,16	0,20	0,23

Kompetansenivået ved institusjonen og spesielt kravet om 20 % førstekompetanse i grunnutdanningane, og strengare krav til masterstudiar, er ei stor utfordring. Det er innan lærarutdanningane at vi har den største utfordringa på kort sikt. Her har vi mange fagtilsette med førstekompetanse som i løpet av få år går av med pensjon. Dette viser også forholdstala, som har gått ned frå 0,27 i 2008 til 0,22 i 2009. Problemstillinga med eldre arbeidstakarar gjeld også til dels helsefag. Få stipendiatstillingar gjer det naudsynt å satse på to karriereveggar: PhD og førstelektor. Det er også vanskeleg for ein regional høgskule og rekruttere medarbeidarar med førstekompetanse, og vi må derfor drive aktiv kompetanseheving av allereie tilsett personale. Med satsing på masterstudie innan alle avdelingane ved HSH er det spesielt stort behov for satsing på kompetanseheving.

I Avdeling for helsefag har satsing på intern kompetanseheving slått ut med høgare andel førstekompetanse, frå ein andel på 0,16 i 2008 til 0,23 i 2009 (4 nye med PhD og ein førstelektor i 2009). Innan ATØM er andelen fyrstestillingar rimeleg konstant, med eit høgt nivå dei siste åra. Det er også forventa ein oppgang i 2010 mellom anna som følgje av at fleire stipendiatar nærmar seg disputas.

I 2009 har HSH arbeida målretta for å etablere samarbeidspartar for å kunne tilby masterstudie, noko som også har påverka arbeidet med rekruttering av kompetanse, og arbeidet med kompetanseheving.

Kompetanse er framleis sett på ei viktig utfordring for HSH, vi visar til planane for 2010 for det vidare arbeidet på dette området.

Kvinneandel

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2006	2007	2008	2009	
Andel kvinner totalt	0,55	0,56	0,58		0,58
Andel kvinner – per støttestillinger	0,83	0,85	0,82		0,84
Andel kvinner – per undervisnings-, forskings- og formidlingsstillinger	0,5	0,5	0,52		0,53
Avd. Stord	0,55				
Avd. Haugesund	0,45				
ALK		0,46	0,50	0,51	0,53
ATØM		0,28	0,30	0,35	0,31
AHF		0,77	0,76	0,75	0,78

HSH har ein kvinneandel på 0,58. Internt fordeler likevel kvinneandelen seg svært tradisjonelt, med lågare andel innan tekniske/økonomiske fag og høgare andel innan lærarutdanning og helsefag. Kvinneandelen er også høg i administrative stillingar. Kvinneandelen av dei faglege tilsette reflekterer kvinneandelen i dei profesjonane vi utdannar for. Slik sett er det ikkje eit eintydig bilete som tilseier ynskje om auka kvinneandel innan alle delar av verksemda. Til dømes er andelen kvinner i lærarprofesjonen aukande på alle trinn, og det er difor naudsynt å systematisere arbeidet med å auka rekrutteringa av menn både som studentar og som tilsette.

HSH er likevel bevisst på at kvinneandelen i ulike stillingskategoriar varierer, og rettar ei merksemd mot dette når vi gjer tilsettingar.

Når det gjeld studentane vurderer vi, som aktiv samfunnsaktør, det som monaleg meir problematisk med 5-10% mannlege studentar innanfor sjukepleie og førskulelærarutdanninga enn 20-30% kvinnlege studentar innanfor nautikk og ingeniørutdanning.

Verksemdsmål 4.3

Høgskulene skal ivareta høg kvalitet i økonomiforvaltninga. God internkontroll og effektiv ressursforvaltning skal tas omsyn til i institusjonens strategiske prioriteringar.

Vi viser generelt til omtala av rekneskapa for 2009.

Likviditetsgraden har halde seg jamt rundt 1,3 dei siste tre åra. Høgskulen har ein jamt god likviditet, og har ikkje hatt vanskar med å gjera opp ved forfall.

Resultatrekneskapan viser ei jamn utvikling av inntekter frå bevilgning. I 2009 er brukt kr. 2 247 000 av avsette midlar til utsett aktivitet/strategiske formål. Reserven til styret til strategiske formål, kr. 5 306 000 pr. 31.12.09, vert sett på som reserve for styret i budsjett 2010.

Tilskot og overføringar frå andre statlege, inkl. EU, har hatt vesentleg auke i 2008 og 2009. Det er særleg tildelingar frå Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet og Norsk forskningsråd som er årsaka til auken. Sum avsette midlar er på tilnærma same nominelle nivå i perioden 2006-2009. Det er noko reduksjon i avsetjingar knytt til strategiske formål og samla frå KD. Reduksjonen er dekkja opp av avsetjingar knytt til bidrags- og oppdragsaktivitet knytt til andre departement.

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2006	2007	2008	2009	
Likviditetsgrad (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld)	-	1,3	1,4		1,3
Avregningar (visar kor stor tilgang/avgang det er i avsetningar)	-	-430,72	393		-1 177

Internt regelverk

Grunna kapasitetsproblem er ikkje retningsliner og rutinar à jour i høve til sentrale krav. I 2010 vil organisering og nyttilsetningar føre til auka kapasitet. Intern kontroll inkludert retningsliner er eitt av styret sine fokusområde i 2010 og vil vera eit prioritert område for økonomitenestene.

For viktige retningsliner og rutinar er sett opp slik tidsplan:

- Rutinar for lønsområdet blei godkjent av direktøren i november og desember 2009.
- Reglement for BOA vart godkjent i styret 30.04.2009 og rutinar er under arbeid og er planlagt godkjent av direktøren innan 31.03.2010.
- Oppdatering av internt regelverk for anskaffing vart handsama av styret 18.11.2009 og rutinar for saksområdet er planlagt godkjent av direktøren innan 30.04.2010.

Rapportering på tvers av sektormåla

Styret sitt arbeid

Styreevaluering er ein årleg aktivitet i årshjulet for styringskvalitet, og vart også gjennomført i desember 2009. Vedlagt følgjer oversikt over saker som styret har handsama i 2009 delt inn etter strategi, kontroll, organisasjon, og om sakene var planlagt i årshjulet eller om det er ei oppfølging av handlingsplanen. Styret vedtok også ein grovplan for saker i 2010 med vekt på faste saker i årshjulet og oppfølging av handlingsplanen/fokusområde for 2010.

Evalueringa kan konkludere med at styret etter kvart finn meir si form og blir meir fokusert mot faste styrings-/rapporteringssaker, strategiske saker og fokusområde fastsett i handlingsplanen. Større deltaking frå styret i etatsstyringsmøte og møter med departementet bidreg til større ansvarleggjing av styret i høve til oppdragsgjevar.

I 2009 har styret hatt ein handlingsplan med følgjande fokusområde :

2009 er eit år der dei økonomiske overføringane er redusert. Generelt er det viktig å skaffa oss eit betre handlingsrom, både i 2009 og for dei neste åra. Heile organisasjonen må derfor ha fokus på kostnadseffektivisering, alternativ ressursbruk, og inntening må vurderast i høve til kostnader i alle undervisningstilbod.

- * Gjennomføring av prosjekt 'marknadsføring og merkevarebygging'
- * Prosjekt 'førsteårsstudenten' i grunnutdanningane
 - senke fråfallet blant studentane
 - auka gjennomstrømming
 - høgre fagleg og pedagogisk "trøkk" med tydelege faglege og pedagogiske krav.
- * Prosjekt; Utvikla framtidens lærarutdanning
- * Auka aktivitet innan EVU-tilbod, primært eksternfinansierte
- * Utvikle ein masterutdanning i teknologiske fag innafør tildelt økonomisk ramme.
 - Utvikle ein masterutdanning i øk/adm fag innafør tildelt økonomisk ramme.
 - Utvikle ein masterutdanning i helsefag innafør tildelt økonomisk ramme.
- * Utarbeide student-charter for HSH (sørvisfråsegn) i samarbeid med Studentparlament, Studentsamfunnet og Studentsamskipnad
- * Utarbeide internasjonal strategi til mai 2009
- * Utarbeide FOU-strategi til mai 2009
- * Utarbeide ein personalpolitisk plan, i samsvar med strategisk plan. Blir lagt fram for styret hausten 2009
- * Utarbeide ei utgreiing vedk. administrative tenester, kopling fag/administrasjon og strategiske faglege prioriteringar – til styret i mai
- * Vidareutvikla styringsverktøya for å få ein betre økonomisk internkontroll og betre grunnlag for ressursprioriteringar

Desse områda har styret følgd opp og fått tilbakemelding på i løpet av året. Oppfølging og resultat av desse fokusområda kjem fram i rapporten til Kunnskapsdepartementet.

Vedlagt følgjer ei oversikt over saker behandla av styret i 2009 gruppert etter strategi, kontroll, organisasjon, som er styret sine viktigaste funksjonsområde.

Vedlagt følgjer også oversikt over planlagde saker i styret i 2010.

Forvaltning av fullmakter

HSH har eigarskap i fleire regionale aksjeselskap. Ein føresetnad for dette er at vi får ein styreplass. Vårt bidrag er ikkje finansielt, men kompetansemessig grunngeve, og i tillegg skal det bidra til å styrke vår regionale rolle og utvikle det regionale samarbeidet.

ResQ AS skipa høgskulen i si tid ved å skilja ut sikkerhetsavdelinga. Vi har gjennom dette god kontakt med og påverknad på sikkerhetsarbeidet, spesielt offshore. Studentane nyttar også anlegget til øving og prosjekt. Vår eigardel er om lag 0.3 %.

Vår industriretting i Sunnhordland er via Ateno AS. Selskapet er i all hovudsak eigd av industrien og driv innovasjon og nyskaping innan industrifeltet. Vår eigardel er 5 %.

Haugaland kunnskapspark AS er meir generelt retta mot næringslivet og er eigd av industri og offentleg sektor i Rogaland. Vår eigardel er 1%.

Fanari AS er ein kunnskapspark retta mot kulturlivet i Sunnhordland. Her er vi med for å skapa ei innovasjons- og nyskappingsverksemd for kultur i med forstand. Vår eigardel er 13.8%.

På bakgrunn av revidert nasjonalt reglement og retningslinjer knytt til høgskulene sine forpliktande samarbeid og erverv av aksjar har høgskolestyret handsama lokale retningslinjer (Sak 16/09). Denne saka vil bli følgd opp med rutinebeskrivingar i 2010.

Samarbeid med andre institusjonar om system for forskingsdokumentasjon

Brage er et fellesprosjekt med over 30 deltakande institusjonar, for å legge betre til rette for åpen publisering av både studentarbeid og fagtilsette sine publikasjonar. Såvel UHR som Forskningsrådet og departementet støttar aktivt opp om Open Access-strategier, men det er fortsatt eit stykke fram. Bl.a. må det arbeidast med dei fagtilsette sine haldningar til slik åpen publisering, og for forståinga av at dette ikkje er til hinder for meir meriterande former for publisering.

For tida arbeider biblioteket ved HSH, i samforståing med FoU-rådet, for å få på plass ei egen webside for HSH-rapportar publisert gjennom Brage: ei supplerande form for publisering av "grå litteratur" som ikkje tek sikte på publisering i bøker eller tidsskrift. Vi håpar at dette kan vera med å stimulere både forskning og utadvendt publiseringsverksemd.

Når det gjeld forskningsdokumentasjon er det fortsatt Forskdok som er aktuell. Her blir all publisering ved høgskolen dokumentert.

KS 1-prosjekt og større investeringsprosjekt

HSH har ingen investeringsprosjekt under arbeid eller under planlegging av typen kurantprosjekt over 50 millioner kroner eller av typen KS 1 over 500 millioner kroner.

To oppgraderingsprosjekt på Campus Rommetveit er under prosjektering/utføring:

- Gymnastikksal, oppgradering og tilbakeføring.
- Garderobe og trenings- og undervisningsrom i tidlegare bassengbygg.

I framlegg til satsingar utanom ramma i 2011 vart det meldt inn til departementet om følgjande bygningsmessige tilhøve:

”Infrastrukturen vår på byggsida er hardt pressa på både studiestadene. Vi treng truleg utviding i Haugesund, det vil vi koma attende til ved seinare høve. På Stord sit vi på ein flott gamal campus som krev opprusting og vedlikehald. Vi ser ikkje for oss nybygging, men vi må oppgradera og få meir ut av dei bygningane vi har. Det føreligg no skisser til både verning og freding av store deler av denne bygningsmassen. Det er vi ikkje i mot, men det krev ekstra kostnader med god tilrettelegging når ein også skal ta slike omsyn. Vi er difor glad for at vi vart tilført 5 millionar kroner til den gamle gymnastikksalen gjennom ”krisepakken” no i vår. Prosjektet har no vore ute på tilbod, men det vert ikkje ferdigstilt i 2009. Vi legg til grunn at desse 5 millionane vert overført til neste år. Men det krevst ytterlegare 10 millionar til å ferdigstilla dette totalprosjektet, og det søker vi om for 2011.”

Regnskap og rapport for bruk av midlar tildelt over Kap. 281 post 01

Over kap.281 har vi fått ’Stø kurs’-midler i 2009. Vedlagt følgjer rapport.

Over kap.281 har vi i brev av 17.2.09 fått tildelt ei stipendiatstilling, merka MNT-fag. Stillinga skulle gjelda frå 01.07.2009. Stillinga vart knytt til høgskulen si Avdeling for økonomi, tekniske og maritime fag.

Stillinga vart lyst ut med frist 1. august, og det vart tilsett ein person i stillinga, men han takka nei. Stillinga er lyst ut igjen no, og det er søkjarar til stillinga.

Når det er aktuelt vert det sett opp eige prosjektbudsjett og ført prosjektrekneskap for stillinga.

Doktorgradsavtaler der annen institusjon er gradsgivande

Tabellane er lagt inn under sektormål 3.

HMS

Høgskolen har etablert internkontrollhandbok i samsvar med *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (internkontrollforskrifta). Arbeidsmiljøutvalet godkjente revidert utgåve av internkontrollhandboka den 27. januar 2009.

Det er eit overordna mål at arbeid som vert utført under høgskolen sitt ansvar ikkje skal føre til tap av eller skadar på menneske, miljø eller materielle verdiar.

Ved revisjonen av internkontrollhandboka (*System for helse, miljø og sikkerhet*) i 2009 vart det spesielt fokusert på kap. 4. Psykososialt arbeidsmiljø, og her vart ein ny rutine for konflikthandtering ved mobbing og trakassering på arbeidsplassen oppretta. Høgskolen gjennomførte ei arbeidsmiljøundersøking blant tilsette. Føremålet var å kartleggja psykososialt/organisatorisk arbeidsmiljø med sikte på målretta arbeid for betre trivsel og helse. Undersøkinga var basert på QPS Nordic, med spørjeskjema retta mot psykiske og sosiale faktorar i arbeidslivet. Mange verksemder har gjennomført ei tilsvarande kartlegging, og innkomne svar kunne difor samanliknast med bransjenormer (referansegruppe).

Det vart oppnådd ein svarprosent på 78 % i arbeidsmiljøundersøkinga. Når det gjeld resultatet av kartlegginga viste hovudrapporten ein skår som var mykje lik gjennomsnittleg skår for referansegruppa. Høgskolen oppnådde høg skår på indeksen ”Positive utfordringar i arbeidet”. Vidare oppfølging av undersøkinga vil halda fram i 2010.

Høgskolen har tidlegare inngått samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv. Det er i denne samanheng eit mål at gjennomsnittleg sjukefråvær ved høgskolen skal vera lågare enn landsgjennomsnittet for undervisningssektoren. I dei tre første kvartala av året vart dette målet nådd. NAV sine tal for sjukefråvær i undervisningssektoren i 4. kvartal 2009 føreligg ikkje i

skrivande stund. Ved høgskolen auka sjukefråværet i byrjinga av 2009, men vart redusert mot slutten av året.

Det er eit mål at høgskolen skal vere ein arbeidsplass med godt arbeidsmiljø der tilsette har medverknad. Internkontrollsystemet skal utviklast som eit styringsverktøy for det daglege arbeidet.

Tilleggskrav frå tildelingsbrevet for 2010

Med verknad frå 1. januar 2010 vart bransjeforskrifta endra slik at undervisningsverksemder må skaffa seg bedriftshelseteneste. Denne endringa synleggjer behovet for ekstern bistand i HMS-arbeidet. Samstundes vart det oppretta ei godkjenningsordning for bedriftshelsetenester i Noreg. Ved utløpet av 2009 var ingen bedriftshelsetenester godkjent etter den nye ordninga. I påvente av avklaring omkring ny godkjenningsordning vart rammeavtale om bedriftshelseteneste mellom høgskolen og Sunn HMS forlenga. I løpet av 2010 vil høgskolen gjennomføra ein ny anbudsrunde for levering av bedriftshelsetenester blant godkjente verksemder i vår region.

Gjeldande avtale omfattar blant anna arbeidsmiljøkartleggingar og HMS-inspeksjonar, helsekontroll etter regelverk for førebyggjande helsearbeid, deltaking i oppfølging av sjukemeldte/attføringssaker, tilgjenge for konsultasjonar hos lege (arbeidsrelatert), opplæring, deltaking i AMU, bistand i byggesaker / kravspesifikasjonar ved innkjøp. Vidare har Sunn HMS yrkeshygienisk kompetanse, kan medverka aktivt i risikovurderingar innan HMS, spesielt i samband med auka dokumentasjonskrav.

Rapportering i høve tilleggsbevilgning til statsbudsjettet 2009

Høgskolen Stord/Haugesund fekk tilleggsbevilgning til statsbudsjettet med ei generell auke i basis på kr. 866 000,- og 50 studieplassar.

Studieplassane fordelte seg på 10 plassar til sjukepleiestudiet, 10 plassar til praktisk pedagogisk utdanning og 30 studieplassar generelt til EVU.

Til studiestart 2009 vart opptaket til sjukepleiestudiet i Haugesund auka med 10, frå 100 til 110. Vi fylte opp desse plassane.

Til studiestart 2009 hadde vi svært stor søkning til praktisk pedagogisk utdanning, heile 308 søkjarar. Vi tok opp 107 studentar (på deltid), så opptaket var langt større enn dei 10 studieplassane vi fekk løyving til.

I tillegg hadde vi om lag 1000 studentar på EVU-tilbod i gjennomsnitt for året, hausthalvåret hadde vi om lag 1200 studentar, og dei 30 tildelte studieplassane bidrog generelt til å gjera det mogleg å gjennomføra det auka tilbodet hausten 2009.

Dei einaste studieplassane vi har til EVU og PPU er dei vi fekk tildelt i 2009. Dette viser ei av hovedproblemstillingane ved institusjonen, at vi har stor etterspørsel etter PPU, master og EVU, men har manglande basisfinansiering. Dette fører til ein svært pressa driftssituasjon, og der den interne FOU-finansieringa er mindre enn ynskjeleg.

Den auka basistildelinga vart derfor også nytta inn mot finansiering av studietilbod med manglande basisfinansiering.

Tillegg til rapporteringskrav i tildelingsbrevet for 2010

Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon (SAK)

Viser til vedlagte notat om HSH sitt samarbeid (SAK) med andre institusjonar.

Brukarundersøkingar

I rapporten under sektormål 1 er brukarundersøking blant alle studentar grundig omtala. Også i 2010 gjennomfører vi denne undersøkinga, jfr. kvalitetssikringssystemet.

Institusjonens arbeid med risikostyring

I vedlagte notat er det interne arbeidet med bruk av risikostyring som del av mål- og resultatstyringa omtala.

3. Plan for verksemda i 2010

SEKTORMÅL 1

Universitet og høgskuler skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innanfor forskning, fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

Verksemdsmål 1.1

Høgskulene skal utdanna kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnets behov.

For å nå verksemdsmål 1.1 er det kritiske suksessfaktorar at HSH har fagtilsette med tilstrekkeleg kompetanse og velfungerande støttetenester. Det er vidare nødvendig at dei studentane HSH rekrutterer har grunnlag for å gjennomføra utdanninga på ein god måte og at studietilboda ved HSH reflekterer behova i samfunnet.

Med utgangspunkt i ein risikovurdering, har HSH sitt styre valt å retta merksemda mot rekruttering av studentar innanfor dette verksemdsmålet. I tillegg vil HSH rette merksemda mot kompetanshemeng blant dei fagtilsette. Dette fokusområdet vil bli omtala under verksemdsmål 4.2.

Rekruttering av studentar

HSH meiner det er høg risiko for at me ikkje får ønska mengd kvalifiserte søkjarar til grunnutdanningane ved institusjonen. Grunnutdanningane er ein bærebjelke for HSH sitt fagmiljø, studietilbodet ved institusjonen og ressurstildelinga. Rekruttering til grunnutdanningane er derfor kritisk for å nå målet om å tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet.

Styret har i år spesiell merksemd på to av våre grunnutdanningar: Sikkerheitsutdanninga innan brann og den nye grunnskulelærerutdanninga.

Innan sikkerheit har HSH eit nasjonalt unikt studietilbod både inn mot bachelornivå, og no også mot masternivå gjennom samarbeidsmasteren i Teknisk sikkerhet med UIB. Departementet har i brev bedt oss om å styrkja dette utdanningstilbodet og fagmiljøet. Ei god og brei rekruttering utover eigen regionen er såleis viktig.

Innanfor lærarutdanninga har rekrutteringa vore låg dei siste åra. Framleis låg rekruttering vil medføre låg lærarkandidatproduksjon i framtida, og det vil vera kritisk for regionen med tanke på å dekke det framtidige behovet for lærarar. Krava frå departementet om tilstrekkeleg søkjartal representerer og ein høg risiko. Det siste vil vera kritisk for HSH som regional tilbydar av lærarutdanning i framtida.

Rekruttering av studentar til grunnutdanningane krev tiltak både på kort og lang sikt - og det krev eit samarbeid mellom administrasjon og dei ulike fagavdelingane.

Eksempel på kortsiktige tiltak som HSH gjennomfører i 2010 er:

- Meir målretta og spissa annonsering i ulike media som retter seg spesielt mot dei grupper som er aktuelle som søkjarar inn mot dei ulike studia.
- Meir målretta rekrutterings- og informasjonstiltak saman med kommunar, NAV-kontor og verksemdar i regionen mellom anna inn mot dei nye grunnskulelærerutdanningane

- Meir differensierte rekrutterings- og informasjonstiltak mot våre ulike målgrupper: 19-åringen, 25-åringen, 30-åringen og ”den vaksne student.”
- Tettare oppfølging av søkjarane med HSH som fyrsteprioritet for å sikre at færrest mogleg av desse søkjarane ikkje møter til studiestart
- Tettare samarbeid og involvering mellom fagavdelingane og administrasjonen
- Auka satsting på å bruka eigne studentar som dei best ambassadørane for å betre rekrutteringa til grunnutdanningane våre – gjennom tiltak som skulebesøk, utdanningsmesser, video/You Tube, nyhendesaker, medieutspel osv.

Eksempel på meir langsiktige tiltak for å auke rekrutteringa.

- Sterkare bruk av analyser (web, søkjartal, undersøkingar) i utarbeiding av handlingsplanar og måling av dei einskilde tiltak.
- Utvikla ein overordna kommunikasjonsstrategi.
- Byggja opp merkevara Høgskolen Stord/Haugesund og auka profesjonaliseringa av marknadsføringsarbeidet på institusjons og avdelingsnivå.

I rekrutteringsarbeidet legg HSH til grunn at den viktigaste drivaren for å sikre framtidig rekruttering til våre utdanningar er å ha god kvalitet på primæraktiviteten og der til nøgde og tilfredse studentar ut i frå eit godt læringsmiljø og gode utdanningar; altså eit godt omdømme.

Styringsparameter

Ettersom HSH har mange søkjarar til både grunnutdanningane og etter- og vidareutdanningane gjennom lokale opptak, vil vi for 2010 ha eit styringsparameter som synleggjer mengd søkjarar på dette området. Ettersom ein viktig del av tiltaka for å rekruttere studentar, er tiltak for å sikre at studentane som får tilbod om studieplass møter til studiestart, fastsett HSH også ein styringsparameter for dette for 2010.

	Resultat				Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2010
Mengd primærsøkjarar per studieplass	-	1,2	1,0	1,2	-
Mengd kvalifiserte fyrstevalssøkjarar per studieplass (revidert frå departementet frå 2010)	-	-	-	-	1,2

For 2010 vil HSH og rapportere utviklinga for følgjande styringsparametrar:

- Mengd kvalifiserte søkjarar frå lokale opptak
- Korrigering av mengd kvalifiserte fyrstevalssøkjarar frå samordna opptak med søkjarar frå lokale opptak, slik at vi får ein ny styringsparameter som viser samanhengen mellom søkjartal og studieplass
- Del av studentar som er møtt i prosent av mengd tilbod

Verksemdsmål 1.2

Høgskulene skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrømming

God studiekvalitet er grunnlaget for heile HSH si verksemd, og bidreg i neste omgang til viktig omdømebygging. Konsekvensen av dårleg studiekvalitet vil derfor vera svært alvorleg, slik at dette er eit område HSH har kontinuerleg merksemd på å vidareutvikla.

Sannsynlegheiten for at det ved HSH ikkje er eit godt læringsmiljø er varierende på tvers av dei ulike aspekta av studiekvaliteten ved Høgskulen. Samla sett har høgskulen dei seinare åra utvikla og innarbeida eit kvalitetssikringssystem som reduserer sannsynlegheiten for at kvaliteten er dårleg og aukar sannsynlegheiten for at vi fangar opp og kan gjera relevante tiltak om det er dårleg studiekvalitet.

Ei måloppnåing av verksemdsmål 1.2 inneber at dei fagleg tilsette har tilstrekkeleg med kompetanse og at dei ulike aspekta ved studiet vert planlagt, utført, følgd opp og forbetra på ein god måte. Med bakgrunn i noverande situasjon er kompetanse blant dei fagtilsette, god undervisning og gjennomstrømming tre kritiske suksessfaktorar for å nå målet om eit godt læringsmiljø. Styret ved HSH har derfor valt å følge opp desse tre områda spesielt tett i 2010. Kompetanse blant dei fagleg tilsette er i medhald av Kunnskapsdepartementets målstruktur omtala under verksemdsmål 4.2.

God undervisning

HSH skal utvikle ei melding/plan for studietilbod og utvikling av studia som mellom anna skal omfatta pedagogisk utviklingsarbeid, delrapport om Læringscenter, FoU og undervisning og utvikling og implementering av kvalifikasjonsrammeverket i 2010. Dette skal sikre at institusjonen har ein heilskapleg og langsiktig tilnærming til arbeidet med studiekvaliteten og at vi koplar vår forskning knytt til pedagogisk utvikling opp mot arbeidet med implementering av kvalifikasjonsrammeverket. Denne meldinga skal også omtala framtidig utdanningsportefølje (verksemdsmål 1.1) og internasjonalisering i studia (verksemdsmål 1.3).

Fagavdelingane og støttetjenestene har også konkretisert målet om god undervisning med utgangspunkt i dei utfordringane dei ser på som viktigast i det kommande året. Eksempel på mål som avdelingane arbeider mot er forskingsbasert og forskingsretta undervisning, eit godt læringsmiljø med tydelege krav til studentane og felles forståing og praktisering av kvalitetssystemet hos leiarar, fagtilsette og studentar. Ut frå risikovurderingar knytt til avdelingane sine delmål er det fastsett tiltak, slik at HSH mellom anna skal arrangere konferanse på utvalde fagområde der studentane har delansvar og deltek med sine studentarbeid, ha ei planmessig formidling av eige og andres forskings- og utviklingsarbeid til studentane og avklaring av omgrep som nyttast i samband med krav til og vurdering av studentane.

God gjennomstrømming

Godt læringsmiljø inneber også at HSH og studentane saman skal bidra til eit læringsutbytte for studentane som gir god studiepoengproduksjon kvart studieår og ei studiegjennomføring som ligg nær det normerte og/eller planlagde.

HSH og andre utdanningsinstitusjonar ligg langt frå normert studiepoengproduksjon og studietid. Vi ser at ein del tiltak har avgrensa effekt på dette området, fordi manglande gjennomstrømming ofte er grunna i tilhøve som ikkje har med skulen å gjera. Det er likevel

særleg det fyrste året av studia mange fell frå og dermed er det viktig å rette tiltak mot denne gruppa av studentar.

Med låg gjennomstrømming blir den faglege ressursbruken mindre effektivt nytta, og HSH si inntening blir lågare. Det er derfor viktig å rette merksemda mot dette området frå HSH si side.

I 2009 retta HSH stor merksemd mot førsteårsstudenten. Arbeidet vil fortsetja i 2010 og styret har bedt om ein rapport med vurderingar av effekten av dei tiltaka som er gjennomført.

I tillegg til arbeidet retta mot førsteårsstudenten, ynskjer Avdeling for helsefag starte opp deltidsutdanning (sjå omtale av nye studieplassar). Dette minskar sannsynlegheiten for at ein del av studentane som grunna ulike forhold ikkje kan produsera 60 studiepoeng på eit år får låg gjennomstrømming.

Styringsparameter

Ettersom HSH rettar merksemda mot førsteårsstudenten, er utviklinga av det prosentvise fråfallet det fyrste året av studia ein viktig styringsparameter for HSH. Vi veit òg at mengd timar som studentane arbeider i veka er viktig for kva gjennomstrømming studentane får. Informasjon om dette får vi gjennom den årlege trivnadsgranskinga og for 2010 vil vi rapportere om utviklinga i denne styringsparameteren til Kunnskapsdepartementet. Til sist meiner vi ein viktig styringsparameter innanfor verksemdsmål 1.2 er studentanes tilfredsheit med kvaliteten på studiet. Dette er dermed òg fastsett som styringsparameter for HSH for 2010.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2010
Nye studiepoeng per eigenfinansiert student per år	49,9	42,5	42,9	40,5	-
Mengd nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år (revidert styringsparameter frå KD for 2010)	54,2	47,4	48,6	44,8	45,0
Studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	16,1	16,5	18,2	18,4	18,4
Gjennomføring i samsvar med avtalte utdanningsplanar (ny styringsparameter frå KD for 2010)	86,8	86,9	87,2	88,0	88,0

For 2010 vil HSH også rapportere utviklinga for følgjande styringsparametrar:

- Prosentvis fråfall fyrste året av studia
- Mengd timar som studentane arbeider i veka
- Studentanes tilfredsheit med kvaliteten på studiet

Verksemdsmål 1.3

Høgskulene skal ha eit utstrakt internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som bidreg til auka utdanningskvalitet.

HSH ynskjer å halde fram med 2009-nivået for inn- og utveksling av studentar og sikre god kvalitet på inn- og utvekslinga. Kritiske suksessfaktorar for å nå målet er at studieprogramma er fleksible, at fleire kurs vers tilbydd på engelsk og at vi følgjer opp som har vist interesse for utveksling. For lærarutveksling er både haldningsskapande arbeid blant tilsette og økonomisk stimulering for lærarutveksling viktig. HSH vil under dette punktet også vise til omtale av internasjonale samarbeid innanfor forskning og utvikling under sektormål ein og to.

Styringsparameter

	Resultat				Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2010
Mengd utvekslingsstudentar (ut/innreisande)	55	86	99	122	120
Mengd framandspråklege utdanningstilbod	-	9	16	13	13
Studietilbod i samarbeid med utanlandske Institusjonar (Fellesgrader)	-	-	-	-	-

SEKTORMÅL 2

Universitet og høgskuler skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning, fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid.

Verksemdsmål 2.1

Dei statlege høgskulene skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vera innretta og dimensjonert for å ivareta behova i sektoren og samfunnet elles.

HSH tilbyr ikkje sjølv forskarutdanning. For omtale av kompetanseutvikling for dei fagtilsette for å få fyrstekompetanse, visar vi til omtala under verksemdsmål 4.2.

Verksemdsmål 2.4

Dei statlege høgskulene har eit særskilt ansvar for profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionane. Samtidig skal dei statlege høgskulene innretta si forskingsinnsats slik at dei oppnår resultat av høg internasjonal kvalitet innan fagområde der dei tildeler doktorgrad og samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forskning og utviklingsarbeid.

Dei siste åra har forskings- og utviklingsaktiviteten ved HSH vore aukande, og vi har for tida fleire eksternfinansierte prosjekt i gang. Prosjektperioden og finansieringa for desse prosjekta blir til dels avslutta i 2010. For å kunne oppnå gode kvalitative forskingsresultat treng vi heile tida å ha ei portefølje med forskings- og utviklingsprosjekt som har ekstern støtte og som er kopla opp mot våre faglege programområde. Store prosjekt som dette er ofte også samarbeidsprosjekt med andre utdannings- og forskingsinstitusjonar nasjonalt og internasjonalt eller nærings-/offentleg verksemd. Det leggjast derfor vekt på å vidareutvikle nasjonale og internasjonale samarbeid. Derfor følgjer vi mellom anna med på deltaking på internasjonale konferansar med abstrakt og besøk til og frå utanlandske institusjonar, i tillegg til publisering i internasjonale fagtidsskrift. Denne aktiviteten er også viktig i samband med å få innreisande og utreisande studentar til og frå HSH (verksemdsmål 1.3).

Ein såpass liten institusjon som HSH er avhengig av ekstern finansiering for å drive FOU på eit visst nivå. Dersom HSH ikkje er aktive i høve til utvikling av nye, gode søknader til eksternfinansierte prosjekt, vil dermed mengda og kvaliteten på forskings- og utviklingsarbeidet ved HSH bli mindre og dårlegare framover. Dette vil svekke fagmiljøa, noko som kan medføre meir uønska utskifting av fagpersonale og at det blir vanskelegare å rekruttere personar med god fagkompetanse.

Styret ved HSH har på bakgrunn av denne risikovurderinga valt å ha eksternfinansiert verksemd som fokusområde i 2010 og følgjer derfor utviklinga i søknadsmengd og type og omfanget av den eksternfinansierte verksemda tett. Avdelingane har tiltak knytt til å skaffa eksternfinansierte midlar. Eit viktig tiltak er knytt til å prioritere tid til å utforme gode søknadar på dei områda avdelingane har retta sin forskingsprofil mot. Eit anna tiltak er (vidare)utvikling av samarbeid med andre, eksempelvis deltaking i Helsetorgmodellen for Avdeling for helsefag. HSH har også ein eigen FoU-koordinator som kvalitetssikrar søknadar til eksternfinansierte midlar og jobbar med å finne og følgje opp moglege finansieringskjelder til eksternfinansierte prosjekt.

Styringsparameter

	Resultat				Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2010
Publikasjonspoeng per undervisnings, forskings og formidlingsstilling	0,08	0,22	0,34	0,28	0,28
NFR-tildeling per undervisnings-, Forskings- og formidlingsstilling (i 1000-kroner)	4 885	11 200	47 900	61558	
EU-tildeling per undervisnings-, forskings og formidlingsstilling (i 1000-kroner)	0,43	0,92	0,46	0,92	

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2010
Mengd uteksaminerte doktorgradskandidatar, per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0	0	0	0,03 (5/157)	0,03 (4/157)
Mengd disputerte doktorgradskandidatar av opptatte personar på doktorgradsprogram fem år tidlegare	-	-	-	-	-

SEKTORMÅL 3

Universitet og høgskuler skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverka til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultatane. Universitet og høgskuler skal òg leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

Som ein regional høgskule er rolla som regionens samarbeidspart innan høgare utdanning og forskning og utvikling svært sentral. Kritiske suksessfaktorar for at vi skal ivareta denne rolla på ein god måte er at vi har nære og gode samarbeidsrelasjonar og har gode møteplassar for samarbeid med regionen.

HSH brukar mykje leiings- og fagressursar for å nå dette målet, noko rapporteringa under sektormål 3 viser. Konsekvensen av dette er ei stor mengd studietilbod og studentar innan etter- og vidareutdanning, men også eit aukande tal forskings- og utviklingsprosjekt i samarbeid med verksemdar i regionen. Vår aktive rolle på ulike samarbeidsarenaer har også medverka til eksterne tilskot og oppdrag. Arbeidet HSH gjennomfører på dette området er dermed viktig for å nå sektormål 1 og 2. Under kvart av verksemdsmåla vil vi omtala eksempel på viktige tiltak HSH gjennomfører i 2010, for å sikre at rolla som samarbeidspart innan høgare utdanning og forskning og utvikling framleis blir like sentral.

Verksemdsmål 3.1

Høgskulene skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultatane frå forskning og utviklingsarbeid

Høgskulen vil i 2010 forsetta å vera ein viktig pådrivar og samarbeidspartnar om ulike arrangement i regionen. Mellom anna er vi (med)arrangør for Samtidsdagar, Forskingsdagar, Bokfestivalar, Kultur natt og offentlege eksamenskonserter. Etter- og vidareutdanningane våre er i tillegg viktige for å formidle resultatane frå og få innspel til forskings- og utviklingsarbeid.

Verksemdsmål 3.2

Høgskulene skal medverka til samfunns- og næringsutvikling gjennom innovasjon og verdiskaping.

I 2010 vil HSH fortsette med dei systematiske tiltaka for å sikre ein kontinuerleg dialog for utvikling av aktuelle vidareutdanningar, forskingsprosjekt og kvalitetsutvikling i grunnutdanningane i tråd med regionens behov. HSH har ei utstrakt deltaking i ulike samarbeidsfora i offentleg og privat verksemd, i tillegg til eigne samarbeidsstrukturar. For omtale av dette viser med til rapporteringa for 2009 under verksemdsmål 3.2.

Eit viktig nytt tiltak for 2010 er deltakinga i Helsetorgmodellen. Prosjektet er ein del av samhandlingsreformen og HSH deltek i lag med kommunane Haugesund, Karmøy, Tysvær, Stord, Bømlo, Odda (i samarbeid med Ullensvang og Jondal) og Sveio, samt Helse Fonna HF. HSH sitt bidrag til prosjektet vil både dreie seg om forskings- og utviklingsarbeid og utvikling og tilbod av etter- og vidareutdanning.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2010

Omfang av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet	18780	17829	1392	Ettersendast	-
Del av oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet i forhold til samla driftsinntekter (omformulert frå KD frå 2010)					
Mengd nyoppretta selskap	-	-	-	-	-
Mengd motteke forretningsidear	-	-	-	-	-

SEKTORMÅL 4

Universitet og høgskuler skal organisere og drive sin verksemd på ein slik måte at samfunnsoppdraget blir best mogleg ivaretatt innanfor ramma av disponible ressursar.

Verksemdsmål 4.1

Høgskulene skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.

For HSH inneber ei effektiv forvaltning av ressursane at høgskulen har ei god måloppnåing innanfor sektormål 1-3 med færrest moglege ressursar. Ser ein bort frå dei kritiske suksessfaktorane under kvart enkelt av dei andre sektormåla, er kritiske suksessfaktorar for å nå dette målet oppdaterte og relevante styringssystem (verksemdsmål 4.3), god kompetanse (verksemdsmål 4.2) og samarbeid regionalt, nasjonalt og internasjonalt (sektormål 2 og 3 og verksemdsmål 4.4). Alle desse tre områda er fokusområde for styret ved HSH i 2010 og verksemdsmåla der dei er omtalt er vist i parentes.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2010
Driftsutgifter per avlagte 60-studiepoengseiningar	127	145	139	144	144
Driftsutgifter per publikasjonspoeng	18033	6601	4667	-	-
Forholdet mellom vitenskaplege og administrativt tilsette	2,36	2,15	2,24	2,29	-
Forholdet mellom mengda tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og mengda tilsette i administrative stillingar (omformulert frå KD for 2010)					

Verksemdsmål 4.2

Høgskulene skal gjennom sin personalpolitikk medverka til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

NOKUT sine krav til kompetansenivå i bachelor og masterforskrifter, og det forventede naturlege fråfallet av tilsette med førstekompetanse dei næraste åra, gjer at kompetansebygging er avgjerande for å driva dei studietilboda vi har. Spesielt innan Avdeling for lærarutdanning og kulturfag og Avdeling for helsefag er alderssamansetjinga slik at det er kritisk å oppretthalde tilstrekkeleg del av dei tilsette med førstekompetanse utan at det blir gjort spesielle tiltak. HSH ser også at vi har tilsette som ikkje har høgskolepedagogikk som del av sin kompetanse. Dersom vi ikkje bevisst vidarefører og set inn nye tiltak er sannsynligheiten for manglande førstekompetanse svært høg.

Dersom vi ikkje har tilstrekkeleg førstekompetanse vil vi ikkje få autorisasjon til å drive studia, og det vil også vera vanskeleg å få ekstern finansiering til FOU. Dermed vil konsekvensen av å ikkje gjennomføre tiltak vera svært alvorleg.

Det er vanskeleg å løyse kompetansebehovet ved nyrekruttering og det er derfor kritisk for HSH at vi vidarefører/aukar satsinga på oppgradering av fagkompetansen.

HSH har valt å gjennomføre tiltak både på overordna nivå og avdelingsvis for å oppgradera fagkompetansen. Styret har sett av inntil ein million kroner til kompetansetiltak frå styret sin reserve, i tillegg skal ein arbeide for å få tildelt PhD-stillingar som er dekkja av KD og ekstern finansierte prosjekt. Tiltak som framhevast av styret er at fagtilsette skal få tilbod om kompetansegivande kurs innan vitenskapsteori og vitenskapsmetode, arbeidet med kompetanseheving skal strukturerast inn mot programleiarane, med mål om at fleire PhD-kandidatar skal komma gjennom på normert tid og studiepoenggjevande tilbod i høgskulepedagogikk. I tillegg til styrets overordna tiltak, blir det sett i gang ulike tiltak i fagavdelingane ved at ein mellom anna skal laga planar for kompetanseutviklinga i avdelinga, systematisera prosessane for å velje ut deltakarar til forskingsprosjekt og rekruttera stipendiatar også frå utlandet.

Administrative oppgåver stiller også stadig høgare krav til dei tilsette, jf. rapport frå Universitets- og høgskulerådet. Det er dermed viktig å sjå all kompetanse i organisasjonen som del av den totale studiekvaliteten. Dei administrative tenestene har ulikt kompetansenivå, og det er derfor enkelte tenester der vi har behov for auka kompetanse. Om kompetanseaukinga bør skje gjennom nyrekruttering eller kompetansetiltak er ulikt på tvers av dei ulike einingane i administrasjonen, men både innanfor økonomitenestene, personaltenestene og bibliotektenestene blir det gjort tiltak i 2010 for å sikre nødvendig kompetanse.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2010
Del fyrstestillingar av total mengd undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar	0,26	0,29	0,27	0,27	0,3
Andel kvinner totalt	0,55	0,56	0,58	0,58	0,58
Andel kvinner – per støttestillingar	0,83	0,85	0,82	0,84	0,84
Andel kvinner – per undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar	0,5	0,5	0,52	0,53	0,5

Verksemdsmål 4.3

Høgskulene skal ivareta høg kvalitet i økonomiforvaltninga. God internkontroll og effektiv ressursforvaltning skal tas omsyn til i institusjonens strategiske prioriteringar.

For å nå målet om høg kvalitet i økonomiforvaltninga er det nødvendig med ei oversikt over kva rutinar, retningslinjer og avtalar HSH må ha ut frå ei risikovurdering. Vidare er det

nødvendig at ein har oppdaterte rutinar, retningslinjer og rutinar på dei områda det er knytt risiko til. I dag har HSH ulike kontrollsystem i verksemda som ikkje er tilstrekkeleg koordinert internt og som i liten grad er kommunisert til styret. På grunn av dette har styret ved HSH valt å ha dette som fokusområde i 2010. Det skal gjerast ein gjennomgang av dagens situasjon for å få ei fullstendig oversikt over rutinar, retningslinjer og avtalar som HSH har per i dag og ei plan over kva rutinar, retningslinjer og avtalar HSH må utarbeida/oppdatere med utgangspunkt i risikovurderingar. Vidare vil det bli arbeida med utarbeidingar og oppdateringar på desse områda, med tilhøyrande opplæring i organisasjonen.

Styringsparameter	Resultat				Ambisjonsnivå
	2006	2007	2008	2009	2010
Likviditetsgrad (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld)	-	1,3	1,4	3	3
Avregningar (visar kor stor tilgang/avgang det er i avsetningar)	-	-430,72	393	-1177	

Verksemdsmål 4.4

Høgskulene skal bidra til at nasjonale kunnskapsressursar forvaltas heilskapleg og til at oppgåver og ansvar fordelast og løysast gjennom samarbeid

Prosessane der institusjonsstrukturen blir forma er avgjerande for HSH si rolle og funksjon i regionen som utdanningsinstitusjon og styret og leiinga ved HSH vil derfor ha ei aktiv rolle i desse prosessane også i 2010. Vi viser her til vedlegg for omtale av arbeidet med samarbeid i 2010.

4. Plan for tildelt tildeling i 2010

Styret ved HSH vedtok følgjande budsjettfordeling og fokusområde for 2010 17. desember 2009:

	KOSTNADER			INNTEKTER				
	Løn	Drift	Sum kostn.	KD	Bidrag	Oppdrag	Sal/ref	Sum Inntekt
STYRET/REKTOR	10 688 769	9 025 000	19 713 769	19 713 769				19 713 769
AVD. LÆRARUTD OG KULTURFAG	34 070 498	10 131 573	44 202 071	38 133 071	2 000 000	4 069 000		44 202 071
AVD. TEKNISKE/ØKONOMISKE/MARITIME	40 706 327	7 995 500	48 701 827	33 901 827	5 500 000	9 300 000		48 701 827
AVD. HELSEFAG	35 080 808	3 337 000	38 417 808	33 917 808	2 600 000	1 900 000		38 417 808
SUM FAGAVDELINGAR	109 857 633	21 464 073	131 321 706	105 952 706	10 100 000	15 269 000		131 321 706
FAGLEGE FELLESTENESTER	7 203 747	4 570 000	11 773 747	10 983 747			790 000	11 773 747
SUM FAGLEG VERKSEMD	127 750 149	35 059 073	162 809 222	136 650 222	10 100 000	15 269 000	790 000	162 809 222
DRIFTSTENESTER(BYGG OG ANLEGG)	4 485 199	55 358 000	59 843 199	58 041 199			1 802 000	59 843 199
ADM. FELLESTENESTER	31 562 515	13 315 000	44 877 515	44 527 515			350 000	44 877 515
SUM EKSTERNT FINANSIERT VERKSEMD	4 054 733	4 811 000	8 865 733	4 265 733		6 300 000		10 565 733
SUM DRIFT OG ADMINISTRASJON	40 102 447	73 484 000	113 586 447	106 834 447		6 300 000	2 152 000	115 286 447
TOTALT HSH 2010	167 852 596	108 543 073	276 395 669	243 484 669	10 100 000	21 569 000	2 942 000	278 095 669
TOTALT HSH 2009 (I HEILE 1000)	163 156 000	93 007 000	256 163 000	228 160 000	7 970 000	19 435 000	2 598 000	258 163 000

Fokusområde for styret i 2010

1. Rekruttering
2. Plan – studietilbod og utvikling av studia
3. Nye lærarutdanningar
4. Kompetanseheving
5. Eksternfinansierte prosjekt
6. Institusjonssamarbeid
7. Heilskapleg kontrollsystem

5. Vedlegg

- Vedlegg 1 Notat om risikostyring som verktøy i mål- og resultatstyring
- Vedlegg 2 Oversikt over saker behandla i styret i 2009, og plan for 2010
- Vedlegg 3 Notat om status og plan for arbeidet med nye grunnskulelærerutdanningar
- Vedlegg 4 Rapport om bruk av Stø-kurs-midlar over statsbudsjettet kap.281
- Vedlegg 5 Notat om samarbeid i sektoren – SAK,
- Vedlegg 6 Notat spesielt om samarbeid innan lærarutdanning - SAK
- Vedlegg 7 Notat om moglege nye studieplassar ved HSH, og oversikt

NOTAT

220210 KB

Mål- og resultatstyring med risikovurdering som verktøy - handlingsplan 2010

Dette er eit metodedokument med beskriving av arbeidsprosessar og malar som er nytta i arbeidet med risikostyring i planprosessen.

Oppsummering

Planprosessen startar på overordna nivå for heile institusjonen, der styret vedtek sine fokusområde for 2010, basert på ei risikovurdering. Dei faglege og administrative leiarane følgjer opp styret sine fokusområde med konkrete handlingsplanar. I samband med dette gjer dei også ein konkret vurdering av alle områder i strategiplanen, og i kva grad desse skal prioriterast i 2010.

Styret sin overordna handlingsplan blir utfylt med dei faglege og administrative delmåla og styringsparametrar, og dannar då institusjonen sin plan for 2010.

Den faglege og administrative verksemda har sine konkrete tiltaksplanar og styringsparametrar i høve til den overordna handlingsplanen.

Bakgrunn

Risikovurderingar skal vera ein del av mål- og resultatstyringa, og departementet seier i tildelingsbrevet at dette er eitt av områda som dei føreset at institusjonane følgjer opp vidare i 2010. Departementet vil ha ei omtale av institusjonen sitt arbeid med risikostyring i Rapport og planar (2009-2010). Dette notatet skal beskrive den prosessen HSH har hatt på mål- og resultatstyring i planprosessen for 2010 – med risikovurdering som verktøy.

Struktur og arbeidsprosess for handlingsplan 2010

Handlingsplanprosessen skjer på to nivå :

1. Styret
2. Ansvarlege for faglege og administrative leiarar/einingar

1. Styret

I styresak 57/09 (17.12.09) handsama styret sin handlingsplan med fokusområda for 2010.

Styret tok utgangspunkt i sektormåla i departementet sin målstruktur, som også samsvarar med dei overordna måla i vår strategiplan. Det vart gjort ei [generell risikovurdering med presentasjon og bakgrunn av området, og risikoen ved dette i forhold til å nå sektormålet.](#)

Vurderinga vart avslutta med kor *sannsynleg* det er at dette inntreff, og kva *konsekvens* dette ville få for institusjonen og måloppnåinga.

I ei [risikomatrikse](#) er områda med høg risiko for at måla ikkje blir nådd synleggjort. Desse områda er på bakgrunn av risikoen som er knytt til dei fokusområda for styret i 2010. Innanfor alle fokusområda blir det dermed sett i *verk tiltak og kontrollaktivitetar* for å redusere risikoen.

Styret gjorde også ei konkret vurdering av [status for styret sin handlingsplan for 2009](#), og om enkelte av desse områda skal vidareførast inn i 2010. I tillegg vart oppsummeringa frå [etatsstyringsmøtet vurdert i høve til oppfølging](#), og om enkelte punkt skulle inn i styret sin handlingsplan.

Då tildelingsbrevet kom etter denne styrehandsaminga vart signal gitt her vurdert i organisasjonen i prosessen med å utarbeide operasjonelle handlingsplanar for 2010.

Med bakgrunn i fokusområda som framkjem i styresak 57/09 og tiltaka og styringsparametrane som er fastsett som ei følge av denne, vil styret følgje opp fokusområda gjennom følgjande skjema i 2010:

Fokusområde	Tiltak og styringsparameter		
	Tiltak		
	Styringsparameter		

2. Ansvarlege faglege og administrative leiarar/einingar

Med utgangspunkt i styret sine fokusområde fastset dei faglege og administrative leiarane/einingane kva delmål dei skal jobba mot i 2010. Dei vurderer også delmål i høve til strategiplanen generelt.

Arbeidsprosessen vart dokumentert slik (i skjema):

Fokusområde frå Handlingsplan 2010	Eventuelt mål for avdelinga for 2010
Strategiar (2008-2016) for HSH, alle sektormål	Eventuelt mål for avdelinga for 2010

Etter at avdelinga/støtteininga har fastsett sitt delmål vart måla risikovurderte ved ei gjennomgang av kritiske suksessfaktorar og risikoar knytt til kvart enkelt delmål for avdelinga/støtteininga. Med bakgrunn i desse vurderingane fastsette avdelingane/støtteiningane tiltak for å redusere sannsynlegheit for og/eller konsekvens av risikoen. Det vart og bestemt kven som skal ha ansvaret for gjennomføring og oppfølging av tiltaket.

Med bakgrunn i delmåla for avdelingane, dei kritiske suksessfaktorane, risikoane og dei fastsette tiltaka fastsette avdelingane styringsparameter. I tillegg til å vise kva styringsparameteren skal gi av informasjon, la avdelingane inn kva informasjonskjelde og målefrekvens dei skulle ha for dei ulike styringsparametrane.

Arbeidsprosessen vart dokumentert slik (i skjema):

Risikovurdering av avdelinga sine mål for 2010			
Mål for avdelinga	Kritiske suksessfaktorar	Risikoar	Tiltak

Styringsparameter			
Styringsparametrane måler direkte eller indirekte om avdelinga og HSH når sine mål. Dei kan skildre storleik, kvalitet, produktivitet, effekt og effektivitet.			
	Namn på styringsparameter	Informasjonskjelde	Målefrekvens
Mål for avdelinga			

I løpet av året vil avdelingane/støtteiningane følgje opp handlingsplanane ved eit forenkla skjema der mål for avdelinga, tiltak (med ansvarlege og kostnad) og styringsparametra (med informasjonskjelde og målefrekvens) framkjem. Den operative handlingsplanen har ikkje med risikovurderingane, ettersom dette er brukt som verktøy for å koma fram til handlingsplanen.

Malen for operativ handlingsplan for avdelingar/støttetenester ser slik ut:

Mål for avdelinga	Tiltak og styringsparameter		
•	Tiltak		
	Kva omfattar tiltaket	Ansvarleg	Kostnad (tid og pengar)
	•		
	•		
	•		
	Styringsparameter		
	Namn på styringsparameter og /eller kva skal informasjonen visa?	Informasjonskjelde	Oppfølgingsfrekvens

For å samordne dei operative handlingsplanane, både i høve til tiltak og ansvar, er handlingsplanane drøfta igjennom felles med høvesvis dei administrative leiarane og dei faglege leiarane (dekanane). Dei operative handlingsplanane blir synleggjort på HSH-veven.

Innhaldet i rapport og planar (2009-2010)

Plandelen av rapport og planar (2009-2010) viser styret sine fokusområde og tiltak for å redusere risikoen knytt til dei ulike sektormåla, både på institusjonsnivå og i fagavdelingane/støttetenestene.

HSH har også fastsett nokre eigne styringsparametrar som ei følge av prosessen. Desse er vist under dei relevante sektormåla.

Kvalitetsutvikling – PUFF

Vi arbeider i handlingsplanen 2010 vidare med ei integrering av risikovurdering som eit verkty i mål- og resultatstyringa. På same måten som vi arbeider etter i anna utviklingsarbeid, arbeider vi etter kvalitets sirkelen – planlegge, utføre, følge opp, forbetre. Erfaringa med fjorårets handlingsplan og oppfølging av denne, ei større forståing i organisasjonen, og ei stadig kunnskapsauke, meiner vi har ført oss eit godt steg vidare i dette arbeidet i år.

Gruppering av styret sine saker i 2009

Strategi

Budsjett/ressursstyring

- Sak 26/09 Budsjetttrammer 2010
- Sak 48/09 Studieportefølje for studieåret 2010-2011
- Sak 49/09 Førebels budsjett 2010
- Sak 57/09 Budsjett/handlingsplan 2010

Rapportar

- Sak 05/09 Rapportar og planar 2008-2009
- Sak 46/09 Årsrapport for studiekvalitet
- Sak 47/09 Årsrapport frå Læringsmiljøutvalget 2008/2009

Andre strategiske saker

- Sak 06/09 Handlingsplan for likestilling 2009-2010
- Sak 10/09 UH Nett Vest og perspektiv framover
- Sak 17/09 Søknad om forsøksordning for ny lærarutdanning
- Sak 18/09 UH Nett Vest etter eitt år – strategi og mål for vidare arbeid
- Sak 27/09 FoU-melding
- Sak 28/09 Ny lærarutdanning
- Sak 39/09 Regionalt samarbeid om lærarutdanning. Drøftingssak.
- Sak 50/09 Faglege synergjar av samarbeidande foretak
- Sak 58/09 Personalpolitisk plan for HSH
- Sak 64/09 Evaluering av styret sitt arbeid
- Sak 19/09 Orienteringar: Strategi etatstyringsmøte – innmelde saker til KD
- Sak 52/09 Orienteringar: Utdannings samarbeid på Vestlandet
Tilbakemelding om ny lærarutdanning
- Sak 60/09 HiB-invitasjon – drøftingssak
- Sak 61/09 Lærarutdanninga – tilbakemelding frå departementet

Kontroll

Budsjettstyring og rekneskap

- Sak 04/09 Førebels rekneskap 2008
- Sak 24/09 Delårsrekneskap 1. tertial 2009
- Sak 25/09 Budsjettkontroll pr. 30.04.09
- Sak 34/09 Delårsrekneskap for 2. tertial 2009
- Sak 35/09 Budsjettkontroll per 31.08.2009
- Sak 36/09 Endeleg rekneskap for 2008

Studierelaterte saker

- Sak 07/09 Forskrift om krav til bachelorgrad ved HSH
- Sak 08/09 Forskrift om krav til mastergrad ved HSH
- Sak 38/09 Masterstudium, søknad om akkreditering
- Sak 41/09 Orienteringar: Opptak studieåret 2009/2010

Organisering

Organisering av virksomheten

- Sak 09/09 Akademisk kalender studieåret 2009/10
- Sak 16/09 Reglement for HSH sitt forpliktande samarbeid og erverv av aksjar
- Sak 37/09 Administrativ organisering
- Sak 51/09 Oppdatering av internt regelverk for anskaffing
- Sak 59/09 LMS-plattform – tilbakemelding frå utgreiingsgruppe

Arbeidsgiverrolle og oppnemninger

- Sak 40/09 Lønsoppgjær 2009
- Sak 63/09 Tilsetjing av økonomisjef

- Sak 62/09 Møtedatoar 2010

Grønn farge = saker i styret sitt årshjul

Raud farge = saker i HSH/styret sin handlingsplan for 2009

Grovplan for styret sitt arbeid i 2010

Årshjulet for styringskvalitet legg opp til følgjande faste/periodiske saker i styret, i tillegg kjem fokusområder i handlingsplanen :

Tidspunkt	Faste/periodiske saker	Fokusområder i 2010
Febr/mars	<ul style="list-style-type: none"> - Årsrapport til KD - Handlingsplan (førstk.år) til KD - Innspel neste års budjett til KD - Årsregnskap - revisjon av KS-system (evt. som or.sak) 	<ul style="list-style-type: none"> Rekruttering Institusjonssamarbeid Nye lærarutdanningar
April/mai	<ul style="list-style-type: none"> - Søknadstal og konsekvensar for studietilbod 	<ul style="list-style-type: none"> Rekruttering Institusjonssamarbeid Nye lærarutdanningar
Juni	<ul style="list-style-type: none"> - Rapportering til KD, 1.tert. - Strategisk plan (rullering) - Økonomiske rammer og langtidsbudsjett - Evaluering av styrearbeid 	<ul style="list-style-type: none"> Institusjonssamarbeid Nye lærarutdanningar
Oktober	<ul style="list-style-type: none"> - Rapportering til KD, 2.tert., halvårsrekneskap - Intern budsjettrapport 1.halvår - Studieportefølge - Budsjettrammer/prioriteringar 	<ul style="list-style-type: none"> Institusjonssamarbeid Plan – studietilbod og utvikling av studiene Nye lærarutdanningar
Nov/des	<ul style="list-style-type: none"> - Årsrapport studiekvalitet - Årsrapport LMU, årsrapport skikkethetsnemnd, klagenemnd - Budsjett - Handlingsplan for verksemda/inkl.studiekv. - Møteplan 	<ul style="list-style-type: none"> Institusjonssamarbeid Heilskapleg kontrollsystem

Kompetanseheving og eksterntfinansiering kjem inn i ordinære rapporteringssaker (tertial- og årsrapport).

Vedlegg 3

Rapport februar 2010 – prosjekt ”Ny lærarutdanning”

Prosjekt ”Ny lærarutdanning” starta opp 01.08.2009. Prosjekt ansvarleg er dekan Liv Reidun Grimstvedt, prosjektleiar er Britt R. Theodorsen, studieleiar og prosjektkoordinator er Anne Chr. Aandahl.

Struktur

Prosjektet er organisert med styringsgruppe og prosjektgruppe. Styringsgruppa har ansvar for overordna rammer for heile lærarutdanninga, mens prosjektgruppa har ansvar for overordna rammer for GLU og PELU i forhold til prosjektet, utviklingstiltak, fagtilbod, praksisskular m.m. Prosjektgruppa vil også ha ansvar for vidare utviklingsarbeid av dei nye grunnskulelærarutdanningane med oppstart haust 2010 og vil rapportera til styringsgruppa.

To delprosjekt starta opp 01.08.2009. Delprosjekt 1: Felles fagstruktur og strukturell samordning, leia av Gry Tuset og delprosjekt 2: Yrkesidentitet, pedagogikk og elevkunnskap, leia av Kirsti Frugård.

Prosjektet har eigen nettstad: www.hsh.no/nylerar

Denne er organisert med informasjon om grunnlagsdokument, møteinnkallingar, referat, delprosjekta, nyttige lenkjer og notat.

Organisering av prosjektet ligg vedlagt.

Det har vore gjennomført 1 møte i styringsgruppa og 5 møte i prosjektgruppa.

Det har vore gjennomført 8 møter med heile personale med hovudfokus på endrings- og utviklingsarbeid.

Forsøksprosjekt GLUPE – kull 2009

Prosjekt ”Ny lærarutdanning” kom i gang etter at KD ga dispensasjon frå obligatoriske fag i allmennlærarutdanninga i juni 2009. Høgskulen fekk då klarsignal til å starta arbeidet med forsøk på kull 2009. Forsøket gjeld både grunnskuleutdanningane 1-7 og 5-10, samt faglærarutdanninga i praktisk estetiske fag. Prosjektet inneheld alle sider ved lærarutdanninga; fag, undervisning, praksis, struktur, organisering, delprosjekt, forskning og FOU arbeid. Studentane på kull 2009 fekk høve til å velja profilval 1-7 og 5-10, samt undervisning i 60 sp pedagogikk og elevkunnskapsfag som del av studiemodellen. Kull 2009 vil vera eit forsøkskull som vil koma ut med den nye grunnskulelærarutdanninga allereie i 2013.

- Faglærarutdanninga i praktiske estetiske fag- PELU, hadde 29 møtte studentar hausten 2009.
- Grunnskulelærarutdanninga - GLU, hadde 39 møtte studentar hausten 2009

Begge utdanningane har fleire felles møtepunkt i fagtilbod og praksis, og ble nemna med felles omgrepet GLUPE. Forsøkskullet vert del av utviklingsprosjektet. Det har vore nytta mykje tid til å samkøyra tre utdanningar og leggja til rette for gode studiemodellar, GLU 1-7, GLU 5-10 og PELU (1-7, 5-10)

Det har vore viktig å nytta tid med studentane for samtale og informasjon. Å ”trygga” deira utdanningssituasjon med tett oppfølging har vore prioritert av avdelinga. Tett oppfølging av studentane med utviklingssamtalar og praksisoppfølging er del av prosjektet. Kullkoordinator for GLUPE kullet har tatt ansvar for gjennomføring av desse. Ny rammeplan, nye retningslinjer, framtidig organisering av lærarutdanninga ved HSH, fagtilbod m.m. legg også føringar for utdanningsløpet for kull 2009.

Det er inngått partnerskapsavtalar med 8 skular for kull 2009. Dette fører med seg ”store ” kullteam møte og mange skulemøte. Antalet har vore ei utfordring organisatorisk. Nye skular i praksisopplæringa krev opplæring og innsikt i faginnhald og struktur i lærarutdanningane. Obligatorisk opplæring av praksislærarane starta hausten 2009 og er blitt følgt opp med tilbod om 10 sp rettleingspedagogikk våren 2010.

Det har vore nyttig å få prøva ut emneplanar med profilval. Erfaringane kan bidra positivt til arbeid med emneplanar med læringsutbytte som skal starta våren 2010.

Den siste tida har fagtilbod studieåret 2010 – 2011 vore arbeidd mykje med ,samt innfasingsproblematikken for hausten 2010. Kull 2009 skal fasast inn etter ny rammeplan med ny struktur på

grunnskulelærerutdanningane. Dette vil m.a føra til endringar i fag og storleik i antal sp pr.år/halvår. Avklaring er pr.d.d ikkje teken på innfasinga. Det har vore gjennomført møte i 5 kullteam, 2 rektorsamlingar og 5 klasselærarmøte.

Delprosjekt

Delprosjekta starta arbeidet sitt ved semesterstart haust 2009. Begge prosjekta er del av prosjektleiar sin førstelektorkompetanse og rettleia av Magna Espeland.

Delprosjekt 1. Felles fagstruktur og strukturell samordning, v/ Gry Tuset

Delprosjekt 2: Yrkesidentitet, pedagogikk og elevkunnskap, v/Kirsti Frugård.

Delprosjektleiarane har rapportert og presentert arbeidet sitt for prosjektgruppa. Desse har vore viktige for drøftingar og vidare utviklingsarbeid i prosjektgruppa. Arbeidet deira har vore endra og utvikla i takt med føringar frå KD og rammeplanutvalet. Presentasjonane er tilgjengelege på nettstaden.

Delprosjekt 5: Institusjon, region og samfunn vert starta februar 2010.

Prosjektleiar for delprosjekt 5 må avklarast innan februar 2010. Stillinga vil utgjera 20% og er teken med i budsjettet til prosjektet. Arbeidsgruppe som arbeidar fram partnerskapsavtalar, kvalitetssikringssystem, kvalifisering av praksislærarar og nye praksisskular er allereie konstituert og har hatt eit møtepunkt 11.02.10. Arbeidsgruppa er på overordna leiarnivå i skuleeigargruppa og på HSH. Denne gruppa sitt arbeid vert sett på som del av delprosjekt 5.

Det vil i tillegg vera behov for ei arbeidsgruppe som ser på praksisplanen og progresjon i praksis med bakgrunn i dei nye retningslinjene frå Rammeplanutvalet. Innhaldet i samfunnspraksis for GLUPE kullet, som ligg i 2. og 4. studieår må også bli gitt ein plan og eit innhald. Gruppa bør vera sett saman av faglærarar, praksislærarar, student, rektor og praksiskoordinator. Arbeid og oppfølging av begge gruppene bør leggst til prosjektleiar.

Delprosjekt 4: Grunnskuleretta mastergradsutvikling vert starta februar 2010. Prosjektleiar må avklarast.

Delprosjekt 3: Profesjonsretta bacheloroppgåve vert starta vår 2011.

Forsøkskullet GLUPE vert første kull ut med bacheloroppgåva vår 2012. Oppstart med utviklingsarbeidet i januar 2011 vil gje godt grunnlag for å førebu bachelorarbeidet. Oppgåva skal knytast tett opp mot PEL faget, samt at både fagmiljø og praksisskulane skal involverast.

Finansiering

Det vart 02.12.09 sendt søknad til styret ved HSH om stimuleringsmidlar for utvikling og gjennomføring av nye grunnskulelærerutdanningar. Bakgrunnen for søknaden er lista opp i 8 punkt i søknaden og omfattar i hovudsak utviklings - og samarbeidsoppgåver i åra fram til 2013.

Avdeling ALK og HSH står overfor formidable utfordringar i arbeidet med å utvikla alle sider ved dei nye grunnskulelærerutdanningane.

Gjennom det etablerte forsøket har avdelinga allereie starta arbeidet med å møta desse utfordringane. Imidlertid vil KD's krav gi avdelinga ytterlegare utfordringar som bl.a. vil gå ut på å kanalisera det igangverande forsøket inn under de nasjonale krav som snart ligg føre. Arbeidet stiller store krav til leing og til personale og kan berre løysas gjennom eit intensivt, systematisk og kontinuerleg arbeid over fleire år.

Det vart for budsjettåret 2010 løyvt kr. 1.500.000 med tilsegn om kr. 1.200.00 for kvart av dei følgjande 3 budsjettår. Det er utarbeidd eige budsjett.

Framdriftplan/handlingsplan

Med bakgrunn i Stortingsmelding nr.11 og diverse skriv frå Kunnskapsdepartementet 09/10 er det utarbeidd ein oversikt over arbeid som må gjerast på avdelinga ALK. Denne vart kalla "Gjerast må" plan og ligg vedlagt. Med utgangspunkt i denne er det utarbeidd ein førebels tidsskjema plan, men denne er ambisiøs på tid og vil kunne endrast.

TIDSPLAN – NY LÆRARUTDANNING

Vår 2010

<p>JANUAR</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ 20.01 	<ul style="list-style-type: none"> • Høyringsfrist Rammeplan • Publisering nasjonale føringar for fag og praksisopplæring
<p>FEBRUAR</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ 05.02 ➤ 17.02 ➤ 19.02 	<ul style="list-style-type: none"> • Avklaring fagvalg HSH og UH-nett vest • Publisering ”Nasjonal Rammeplan ”-retningslinjer • Fagdag m/emneplanskriving – kompetanseheving • Starta delprosjekt 5 m/prosjektleiar • Igangsetting arbeidsgrupper praksis/parterskapsavtaler • Igangsetting arbeidsgruppe emneplan • Igangsetting arbeidsgruppe programplan ○ Ferdigstille framdriftsplan/rapport
<p>MARS</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ 01.03 ➤ 03.03 ➤ 24.03 	<ul style="list-style-type: none"> • Levera rapport og planar til departementet m/omtale av arbeidet med utvikling av dei nye grunnskulelærarutdanningane • Starta delprosjekt 5 m/prosjektleiar • Styremøte, framlegging framdriftsplan ▪ Studiekvalitetsutvalgsmøte
<p>APRIL</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ 01.04 ➤ 15.04 ➤ 21.04 ➤ 16.04 ➤ 21.04 ➤ 28.04 	<ul style="list-style-type: none"> • Ferdigstille langsiktig rekrutteringsplan. ○ Ferdigstilling emneplan, programplan og praksisplan til studieleder og studiekonsulent ▪ Studiekvalitetsutvalgsmøte for godkjenning emneplan, programplan og praksisplan ▪ Publisering søkertall ❖ Frist innlevering sakspapir til styremøte ❖ Styremøte
<p>MAI</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ 01.05 ➤ 12.05 ➤ 15.05 	<ul style="list-style-type: none"> • Fremdriftsplan sendes KD • Studiekvalitetsutvalgsmøte • Dialogmøte KD ▪ Emneplan på nett og i studiehandbok

JUNI ➤ 09.06	<ul style="list-style-type: none"> • Studiekvalitetsutvalgsmøte

Prosjektet ”Ny lærarutdanning” vert i større grad dreia mot utviklings – og endringsarbeid i tråd med ”gjerast må” planen og framdriftsplanen for den nye grunnskulelærarutdanninga. Prosjektplanen og implementering av dei ulike delprosjekta må prioriterast. Erfaringane frå GLUPE kullet vert viktige bidrag i dette arbeidet.

Det vil på fagdagen til avdelinga 17 februar bli lagt vekt på arbeid med overordna mål, visjonar og prinsipp for utviklingsarbeidet. Arbeid med programplanar og emneplanar må setjast i gang, og byggja på måla ein skal arbeida etter.

Punkt i ”gjerast må” planen ligg utanfor skildringane i prosjektplanen, men er arbeid som må utviklast og gjennomførast ved avdelinga. Dette gjeld punkt om satsing på rekrutteringsarbeid, mentorutdanning, praksisrettleiingskurs for praksislærarar med studiepoeng, programplanar og emneplanar med læringsutbytte.

Rekruttering:

- På oppdrag frå rektor Egil Eide er det oppretta eigen prosjektgruppe på rekruttering til lærarutdanningane. Arbeidet starta januar 2010 og har stort aktivitetstrykk fram til 15 april. Satsingsområda er omhandla i eigen rapport. (vedlegg) . Gruppa vert leia av dekan Liv Reidun Grimstvedt, med prosjektmedlem Anne Chr. Aandahl og Svein Ove Eikenes.

Det vert arbeidd på fleire plan, gjennom Gnist fylkesvis og Gnist gruppe regionalt. Den regionale arbeidsgruppa er samansett av personar frå samarbeidsrådet.

Det vil i tillegg verta utarbeidd kortsiktig og langsiktig rekrutteringsstrategi våren 2010. Det er løyvt kr.400 000 til rekrutteringsarbeid på lærarutdanningane.

Mentorutdanning (tiltak for nyutdanna)

- Det vart sett i gang rettleiingspedagogikk 10 sp 20.01.10. Målgruppa var lærarar, førskulelærarar og mentorar i barnehage og skule. 48 deltakarar starta utdanninga og dei fleste er praksislærarar. Vidareutdanning innan dette feltet må vidareutviklast og det er sett i gang samarbeid om utdanninga innan UH-nettVest. Prosjektet har fått kr. 300 000 frå KD til drift og utvikling.

Mentorutdanninga og vidareutvikling av denne må sjåast i samanheng med krav frå KD om minimum 15 sp praksisrettleiing for alle praksislærarar. Dersom desse utdanningane skal ha få møtepunkt i innhald, vil ein måtte utvikla to vidareutdanningar på 30 sp. Innhald og struktur i mentorutdanninga vert det arbeidd med på nasjonalt plan, og det er oppretta eige råd våren 2010. Det er enno uvisst om det vert sett i gang tilsvarande arbeid med studiepoengkurs i praksisrettleiing.

11.02.10

Anne Chr. Aandahl
Prosjektkoordinator

Vedlegg 4

Stø kurs midler Statsbudsjettet 2009 Kap. 281	KD	HSH	Regnskap	Planlagt	KVGS	Regnskap	Planlagt
	prosjektnr.	andel	pr.	brukt	andel	pr.	brukt
			311209	2010		311209	2010
Tildeling 2009							
		3 204					
Videreført til Karmsund videregående skole							
		1 102					
Andel til Høgskolen Stord/Haugesund							
		2 102					
Fordelt på prosjekter HSH:							
Kompetansehevingstiltak for lærere innen maritime utdanninger	81107	420	-	420	480	49	431
Tilpasning av masterstudium i ledelses-/øk-/adm-/samfunnsfag i maritim sektor	81109	500	150	350			
Tilrettelegging for økt bruk av professor II/lektor II stillinger innen maritim utdanning	81108	782	175	607			
Erfaringsutveksling og samarbeid	80072	100	40	60	622	0	622
Stipendordning for å øke antall utenlandske studenter i maritim utdanning	81105	300		300			
		2102	365	1737	1102	49	1053

Vedlegg 6

Samarbeid i sektoren

Det vert stilt stadig større krav til den faglege kvaliteten i utdanning og forskning. Omfanget aukar og studietilbodet må stadig justerast i tråd med etterspørsel. Mange fagmiljø på dei fleste institusjonane i sektoren er små. Skal ein bli betre og meir robust i høve svingingane må miljøa bli større. Dette krev samarbeid, og det krev arbeidsdeling. Samstundes ser me at store deler av studentmassen er relativt lite mobil. Det har difor gjennom mange år utvikla seg ulike samarbeidsformer i sektoren.

UH-nett Vest

Det har i mange år eksistert eit samarbeid på Vestlandet, frå og med Agder til og med Molde, i alt 9 institusjonar i VestNorsk Nettverk (VNN).

Tidleg på 2000-talet vart det teke eit initiativ til eit tettare samarbeid mellom institusjonane sentralt på Vestlandet. Dette tok, av ulike grunnar, noko tid, men UH-nett Vest vart skipa 1. januar 2008 av institusjonane UIB, HSH, HIB og HSF. Nettverket har heilt frå starten hatt eit fulltids sekretariat og eit styre bestående av rektorane, og med direktørane møtande i styret. Frå våren 2009 har også HVO vore med i nettverket.

Samarbeidet dreiar seg om fagleg samarbeid innan utdanning og forskning, administrativt samarbeid, samarbeid om marknadsføring, felles konferansar og andre område som det er naturleg å samarbeida om. VNN dreiar seg no berre om samarbeid om forskarutdanning.

Nettverket vert finansiert ved bidrag frå institusjonane og har eit årleg budsjett på om lag 3 mill kr.

Fagleg samarbeid

Naturleg nok er samarbeidet om utdanning det mest omfattande. Heilt frå starten har nettverket prioritert lærarutdanning, og hadde sin fyrste konferanse om dette temaet hausten 2008. Seinare har samarbeidet om grunnskulelærarutdanning kome inn i faste former med HSH, HIB, HSF, HVO og NLA som partar. Også planane om masterutdanning er lagt til dette samarbeidet. Anna samarbeid om utdanning og forskning ligg framleis i UH-nett Vest.

Musikknett vest er eit tett samarbeid innafor utdanning og forskning mellom musikkmiljøa på Vestlandet der også Grieg-akademiet og Ole Bull-akademiet er involverte.

Det er eit eige samarbeid i nettverket knytta opp til det fleirårige utdanningstilbodet ”rektorskolen” på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet.

Alt før UH-nett Vest vart skipa har det eksistert eit samarbeid innan teknologiske fag her på Vestlandet. Dette samarbeidet held fram innan dette nettverket kalla Teknovest. Deltakande institusjonar her er UIS, HSH, HIB, UIB, HSF, HIÅ og Sjøkrigsskolen (SKSK). Desse samarbeidar innan utdanning og forskning, bachelorutdanning, masterutdanning og NFR-finansiert forskingsprosjekt. HSH har eit tett samarbeid med UIB og UIS innanfor masterutdanning i teknisk sikkerhet. Det er skrive ein eigen avtale mellom UIS og HSH om dette samarbeidet, og som er støtta finansielt av Universitetsfondet i Rogaland.

Samarbeidet innan helsefag har så langt resultert i eit tett samarbeid mellom HSH og HVO om ei masterutdanning som starta opp hausten 09 med over 40 studentar.

UH-nett Vest løyver kvart år midlar til 10-15 forskingsprosjekt der kravet er at minst tre av institusjonane er involverte.

Kvar vår skipar nettverket til eit internt to-dagars forskningssymposium der forskarar frå alle institusjonane deltek aktivt.

Administrativt samarbeid

Det er etablert eit samarbeid innafor internasjonalt arbeid. Biblioteka har inngått eit nærare samarbeid med sikte på å få til felles løysingar innafor innkjøp og arbeidsdeling.

Marknadsføring og synleggjering

Nettverket har eiga nettside med ein infomedarbeidar i 20% stilling.

Det er utarbeidd eigne brosjyrar som syner utdanningane innafor nettverket. Og Teknovest har ein eigen brosjyre som syner samarbeidet både innafor utdanning og forskning.

Det vert skipa til minst ein eksternt retta konferanse kvart år innafor aktuelle tema.

Organisasjon

Styret er det øverste organet, men det er etablert ei lang rekkje råd og utval som arbeider meir konkret innafor ulike tema og fagområde.

Studentane har eit eige studentråd med representantar frå alle institusjonane, og med ein deltids sekretær.

Anna samarbeid

HIB har teke eit initiativ mot HVO, HSF og HSH om eit utgreiingsarbeid med sikte på å skipa ein institusjon. HSH har svara positivt på å vera med på ei slik utgreiing.

UIS har teke eit initiativ ovafor HSH med sikte på samarbeid/samanslåing, og hadde eit møte med vårt høgskulestyre 3. mars. Høgskulestyret vil fylgja opp denne invitasjonen med ei eventuell intern utgreiing.

Det er eit omfattande samarbeid på Vestlandet knytta til helsefag. Dette både som samarbeidsorgan retta inn mot Helse Vest, og samarbeid om Senter for omsorgsforskning Vest.

Arbeidsgruppe SJØ er eit samarbeid mellom HSH, HIÅ, HVE, UiT og SKSK om samordning og styrking av sjøoffisersutdanning.

Vedlegg 5

Notat

SAK – knytt til ny grunnskulelærerutdanning

KD har i brev av 20. november 2009 tildelt NOK 5 mill til samarbeid om ny grunnskolelærerutdanning innen Region Vest som omfatter HiB, HSH, HSF, HiVO og NLA. Bevilgningen er gitt for 2009 og skal stimulere de samarbeidende høyskolene til å ta et felles ansvar for tilbudet om ny grunnskolelærerutdanning i og for regionen.

Høyskolene er nå inne i en prosess med fordeling av hovedansvar for ulike delområder og hva som skal være felles. Foreløpig er det avklart at det skal tas et fellesansvar for rekruttering i sektoren slik at den enkelte student skal få et bredest mulig faglig tilbud, inkludert valgfag. Dette samarbeidet kan være både bilateralt, mellom to aktører, men også innebære at studentene som tas opp i regionen skal kunne bevege seg fritt mellom institusjonene etter faglige interesser og behov. Det er videre avklart at HSF sammen med Volda vil ta et hovedansvar for å utvikle et desentralt/deltidstilbud for regionen. HSH vil tilsvarende ha hovedansvaret for å utvikle et tilbud i ”digital kompetanse”/virtuell læringsarena, mens HiB vil ha sekretariatsansvar for de ulike prosessene, bl.a. arbeid som er satt i gang for å styrke fagene og videreutvikle et faglig fellesskap innen storseksjoner. Arbeidet med konkretisering og utvikling av samarbeidstiltak vil pågå utover i vårsemesteret 2010 og høyskolene regner med at tilsvarende bevilgning vil bli gitt også for 2010.

Samarbeidet mellom høyskolene i Region Vest om utvikling av ny grunnskolelærerutdanning bygger på og viderefører det generelle samarbeidet om lærerutdanning innenfor **UH-nett Vest** hvor også UiB er deltaker, men ikke NLA.

Det generelle samarbeidet innen UH-Nett Vest skal gi positiv faglig utvikling for de deltakende institusjonene, for fagmiljøene og for studentene. Arbeidsgruppen for lærerutdanning innen UH-Nett Vest har i sin handlingsplan foreslått følgende tiltak og framdrift for samarbeid:

- **Utdanningssamarbeid**

Det blir etablert et nettverk av studieledere/programansvarlige med årlige nettverksmøter i gruppen for å sikre oppfølging av studiesamarbeidet.

Det blir etablert et seksjonsleder-/fagledernettsverk med årlige møter for å sikre planlegging og drift av storseksjonene/fagpoolene.

Mastersamarbeid vil være en viktig del av det videre arbeidet. Det må arbeides for smidige overganger og harmonisering av opptakskrav. Det må lages oversikter over etter- og videreutdanninger som kan gå inn i masterprogrammer.

Nettbaserte studier. I fellesskap skal det utvikles ulike studier som tilbys på nettet. Det må utarbeides gode nettstudier slik at UH-nett Vest fremstår kvalitativt og innovativt både i innhold og form.

- **Forskningssamarbeid**

Det må lages en systematisk oversikt over forskningsprosjekter i ulike fagområder innen lærerutdanningen som er felles for institusjonene. For å vise potensial for samarbeid videre, må en diskutere hvordan slikt samarbeid kan styrke lærerutdanningene innen nettverket.

- **Profilering**

UH-nett Vest tar mål av seg å utvikle profileringsområder som skal være ”fyrtårn” nasjonalt og internasjonalt. Nettverket vil jobbe for å utvikle en UH-nett Vest-modell. Profiler i nettverket vil trolig utvikle seg nedenfra slik at nye profiler kan oppstå, eller allerede etablerte fagprofilerte områder kan bli styrket.

- **Etablering av struktur for møteplasser**

Det er ønskelig med et større felles faglig seminar i året i tillegg til årlige møter i faggruppene på tvers av institusjoner. Faggruppene skal arbeide av egen kraft og være et fast møtepunkt innenfor fagene.

For videre utvikling av samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon pekte høgskolene med ansvar for ny grunnskolelærerutdanning i brev av november 2009 til departementet på behov for ressurstildeling knyttet til følgende punkt:

1. Prosjekter: Utvikling og implementering av digitale samarbeidsverktøy i nettverket
2. Samarbeid om fagutvikling, forskning, undervisning i storseksjonar (støtte til fagkonferansar, møte, reiser, formidling)
3. Forsøk med deltidsutdanning i lærerutdanningen (Høgskolen i Volda og Høgskolen i Sogn og Fjordane)
4. Utvikling av masterprogram knyttet til begge grunnskolelærerutdanningene
5. Etablering av et førstelektorprogram innrettet mot fagdidaktisk utviklingsarbeid og skoleutvikling

Region Vest ved grunnskolelærerutdanningane fikk tildelt NOK 5 mill. i SAK-midler for 2009. Behovene for videreutvikling av ny grunnskolelærerutdanning i Region Vest vil være de samme også for 2010 med begrunnelse som framgår over, men med nødvendige justeringer etter hvert som samarbeidsrelasjonene videreutvikles.

Vedlegg 6

NYE STUDIEPLASSAR

HSH er i hovudsak ein profesjonshøgskule innafor helse-, lærar- og tekniske utdanningar. I tillegg er me ein stor aktør på etter- og vidareutdanning innafor dei same utdanningsområda. Etterspørsel etter masterutdanningar er også aukande både frå studentar og frå arbeidslivet.

Me har eit godt fotfeste i regionen der det samla bur om lag 175000 menneske. For desse er me fyrstevalet både for grunnutdanning og evu. Dei siste åra har me fylt opp studieplassane våre fyrste året, med unntak av almennlærarstudiet. Fråfallet undervegs i studiane ligg om lag som ved andre institusjonar.

Det er dette perspektivet me har når me skal dimensjonera utdanningane våre. I tillegg har me nokre studium som rekrutterer til dels nasjonalt. Me har vanlegvis tett dialog med regionen før me etablerer eller avviklar studietilbod. Dette har me også hatt i noverande situasjon.

Departementet har bede oss å vurdere studieplassar relatert til ein auke i aldersgruppa 19-29 år. Det skjer endringar i arbeidslivet og ulike profesjonspreferansar. Ein må difor ha for auga etterspørsel både til grunnutdanningar og ulike etter- og vidareutdanningar inklusive masterutdanning.

HSH er i utgangspunktet dimensjonert for om lag 1900 studentar på våre ulike grunnutdanningar. Dei siste par åra har me hatt om lag 3000 studentar, omrekna til om lag 2500 heiltidsekvivalentar. Infrastrukturen vår er såleis strekt ganske langt, og tåler ikkje stort meir. Når om lag 1000 av desse studentane er evu-studentar der studieplassane i hovudsak berre er finansierte ved RBF, pressar me også økonomien til det ytterste. Det er såleis heilt avgjerande at nye studieplassar vert fullfinansierte. Men reint organisatorisk har me synt at me kan reagere og organisere nye tilbod på plass på ein rask og god måte. Og på ein måte som gjev oss gode tilbakemeldingar frå studentar og offentleg og privat arbeidsliv.

Me tolkar brevet frå KD dit hen at nye studieplassar vert finansierte på vanleg måte, dvs. med 60% i basis og 40% i RBF to år seinare relatert til studiepoengproduksjonen.

Sjukepleie

Me tek i dag opp 200 studentar på sjukepleiestudiet årleg. På kort sikt kan me ta opp ein klasse på deltid. Dette vil stetta ein etterspørsel, og det vil gje oss ein større fleksibilitet i gjennomføringa. Det er praksisfeltet som oftast gjev dei største utfordringane her. Ei gruppe på 40 studentar kan me handtera alt komande haust, alternativt frå årskiftet p.g.a. praksisavviklinga. Dette vil også letta trykket på heiltidsutdanninga.

Det er også aktuelt å starta opp ei gruppe innan eldreomsorg. Her kan me ta opp ei gruppe på 40 studentar på deltid og søker om 20 studieplassar. Det same gjeld utdanning i rusproblematikk, der søker me tilsvarande om 20 studieplassar.

Førskule

Det er også etterspørsel etter deltidsutdanning i førskule. Kommunane ber oss om at dette vert gjort for å skulera opp personar som bl.a. arbeider som assistentar i barnehage i dag. Me kan starta ein klasse på 30 studentar frå hausten.

Maritim utdanning

Me kan auka opptaket på nautisk utdanning med 20 studieplassar. Dette ligg innafør vår tekniske kapasitet, og innafør den jobbgarantien som lokale reiarlag gjev.

Ingeniør – sikkerhet

Her kan me auka opptaket med 20 studieplassar til hausten. Dette er den einaste utdanninga i sitt slag i landet, og samanhalde med den masterutdanninga me har i samarbeid med UIB innafør teknisk sikkerhet, kan me her venta ein auka etterspørsel.

Alle desse utdanningane rekrutterer vanlegvis dei yngste studentane her hjå oss, og bør såleis vera godt tilpassa målgruppa ”yngrebylgja”.

Praktisk pedagogisk utdanning (PPU)

Dette er det utdanningstilbodet med størst søknad hjå oss (over 300 søkjarar). Me har berre finansiering for 10 heiltidsplassar som me køyrer deltid over to år. Her kan me framskaffa større kapasitet dersom finansiering fell på plass. Så langt har finansieringa blitt tatt frå ledig kapasitet i almennlærerstudiet. Me har kalkulert med at dette vil vera tilfellet også 1-2 år fram i tid, i motsett fall har me finansieringsproblem for denne utdanninga. For å få eit stabilt omfang på denne utdanninga søker me om 30 studieplassar.

Masterutdanning

HSH har i dag ei eiga masterutdanning i IKT i læring. Dette er ei etterspurd utdanning, og me treng utvida kapasiteten på dette studiet og kan auka med 20 studieplassar.

Økonomisk/administrativ utdanning

Dette er den utdanninga der me lettast kan auka opptaket vårt då me ikkje har praksis, laboratorieøvingar etc. Også her ser me at me har mange unge studentar som startar på ei høgare utdanning på heimstaden. Me kan auka opptaket med 20 studieplassar.

Etter- og vidareutdanning

For relativt raskt å auka kompetansen og kapasiteten i eksisterande arbeidsliv og tenesteproduksjon er evu eit veileigna verkemiddel. Studieplassar her, som kan utnyttast fleksibelt, vil også gje eit positivt bidrag til å ta unna auka studieetterspørsel.

Tabell med oversikt over studieplasser følgjer i eige vedlegg.